

STIFTINGA

**MUSEA I SGN OG
FJORDANE**

Årsmelding 2020

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane



Innhald

DIREKTØREN HAR ORDET	2
1. OM MUSEA I SGN OG FJORDANE	4
2. FAGLEG AKTIVITET	6
2.1 Forvalting av samlingane	7
Bygningsantikvarisk	8
Kulturlandskap	9
2.2 Forsking og kunnaksdeling	9
Immateriell kulturarv	10
Kunnsaksdeling og føredrag	10
Publikasjonar	10
2.3 Formidling	10
Den kulturelle skulesekken (DKS)	11
Formidling til barn og unge	11
2.4 Fornying	13
3. BESØKSTAL	13
4. LISTER	18
4.1. Opne publikumsarrangement	18
4.2. Utstillingar	25
4.3. Publikasjonar	26
4.4. Foredrag	27
5. KUNSTSENTERFUNKSJONANE I SGN OG FJORDANE	28
6. ÅRSMELDING	30
7. ÅRSREKNESKAP	35
8. REVISJONSMELDING	35



I 2020 var det 850 år sidan skrinet med levningane til St. Sunniva vart flytta til Bergen. Dette vart markert med ein seglas som frakta ein kopi av Sunnivaskrinet frå Selje til Bergen. Seglasen var innom dei ulike nøkkelstadane som ligg mellom Selje og Bergen. Nøkkelstadane er ein del av kystpilegrimsleia som går frå Eigersund i Rogaland til Tromsheim. Kvernsteinsparken er ein av nøkkelstadane, sidan det vart hogd steinkross i Hyllestad i tidlig mellomalder. Seglasen fikk difor ein kopi av dei kjende steinkrossane. Bildet synar når krossen vart rodd ut til båten som husa Sunnivaskrinet. ©MiSF

Direktøren har ordet: Annleisåret 2020



2020 var har vore eit annleis år for Musea i Sogn og Fjordane enn det vi trudde då året starta. Covid-19-pandemien og nedstenginga av landet frå 12.mars snudde opp ned på mykje. Det mest konkrete resultatet av pandemien var at vi fekk eit sterkt fall i besøkstala våre: Vi opplevde ein nedgang på 53% samanlikna med 2019. Dette fallet er på linje med landsgjennomsnittet for musea i det nasjonale museumsnettverket. I skrivande stund er vi inne i den tredje smittebolgia. Vi forventar at vaksinering og smitteverntiltak vil gjere at Noreg gradvis vil bli opna opp

framover. Dermed at blir det auka besøk, og vi trur vi at det vil ta tid før vi opplever besøk på nivå med åra før 2020. Truleg vil Covid-19 prege reiselivet i distrikta i to – tre år fram i tid. Heldigvis har vi unngått permitteringar i samband med pandemien. Det er vi takksame for. Ei viktig forklaring på dette har vore at vi har klart å legge om drifta, mellom anna takka vere det vide og samansette samfunnssoppdraget som musea har. Vi skal heller ikkje gløyme at det har vore stor skilnad mellom by og land i høve til driftsøkonomien, grunna ulike finansieringsmodellar. Bynære museum med større del frie inntekter frå billettsal og anna sal har vore sterkt råka då turistane ikkje kom, mange av desse har difor permittert mange tilsette. Musea i Sogn og Fjordane har, til liks med mange andre museum i distrikts-Noreg, i mindre grad vore råka finansielt, rett og slett fordi offentleg finansiering har dominert inntektssida deira. Dermed har dei økonomiske rammevilkåra for distriktsmusea vore meir føresielege i ei vanskeleg tid.

Erfaringa med finansiering av drifta av musea under pandemien har bidrige til å rette merksemda mot korleis museum i det nasjonale museumsnettverket skal og bør finansierast. Det er klart at forventingane om at auka

rammevilkår for drift av musea går igjennom auka del frie inntekter og kommersielt fokus har fått seg eit skot for baugen. Ei særleg utfordring vi har hatt i pandemitida er knytt til implementeringa av ny organisasjonsmodell. Det er ikkje til å legge skjul på at det har vore krevjande å drive med organisasjonsutviklingsarbeid når mange av våre tilsette i periodar har jobba frå heimekontor og det også har vore avgrensingar i høve til reiseaktivitet og fysiske møter. Sjølv om prosessen har teke lengre tid enn forventa, har vi likevel klart å ha progresjon i dette arbeidet. Frå og med 1.november

2020 gjekk vi over til ein ny organisasjonsstruktur. Det medførte at Musea i Sogn og Fjordane no er organisert i fire avdelingar:

- Avdeling for forskning og bevaring
- Avdeling for kulturhistorie
- Avdeling for kunst
- Avdeling for økonomi, administrasjon og drift

Denne organiseringa er gjort for å styrke Musea i Sogn og Fjordane sitt museumsfaglege arbeid og for å sikre effektiv og fokusert museumsdrift. Omorganiseringa er realisert utan reduksjon i årsverk. Ein grunnleggande premiss for omorganiseringa har vore at drifta av dagens museum i Musea i Sogn og Fjordane held fram som før, men det er endra på personalansvar og avdelingstilknyting for tilsette. Vi trur at denne organiseringa også vil gjere oss godt budde til å møte konsekvensane av museumsmeldinga.

Kunstkjøp fekk eit ekstraordinært oppsving i 2020. Grunnen til dette er at Kulturdepartementet loyvde to millionar kroner i ekstraordinære kunstinnkjøp som nokre av tiltaka i samband med Covid-19-pandemien. I 2021 er det gjort ei ytterlegare løyving på ein million kroner til dette. Kunstinnkjøpa er gjort etter følgjande hovudspor:

- Kunstnarar som er knytt til regionen
- Tekstilkunst (grunna i samlingsprofilen til Sogn og Fjordane kunstmuseum og planlagt utstilling av tekstil)
- Utjamning av kjønnsbalanse av kunstnarar/-verk i samlinga
- Kunstverk som speglar mangfaldet av kunstnarar i Noreg
- «Hol» i samlinga og breiare representasjon av kunstnaraskap som allereie finst i samlinga

I løpet av 2020 har vi også jobba med to større byggeprosjekt, oppgradering av administrasjonsbygget i Movika og førebuing av bygginga av fellesmagasinet i Angedalen. Oppgraderinga i Movika vart ferdigstilt i april 2021, medan bygginga av fellesmagasinet startar hausten 2021.

Eg vil takke alle tilsette, besøkande og samarbeidspartnerar som har gjort musea våre til trygge og levande møtestader i eit svært vanskeleg år.

Museumsmeldinga

Museumsmeldinga «Musea i Samfunnet– Tillit, ting og tid» (Meld. St. 23) vart gjort offentleg 26.mars 2021. Då det er lenge sidan det låg føre ei melding om musea og den trekker opp linjene i museumspolitikken fram til 2050, vil eg rette

særleg merksemd mot utvalte områder frå denne.

Samlingsforvaltning, kravsetting til dei konsoliderte musea og framtida til eigarstyrta
Kulturdepartementet slår også fast at det er tid for å legge sterke foringar på tilskota til musea i det nasjonale museumsnettverket og forventar tydelege avtalar om råderetten til samlingar. Dei forventar at musea i det nasjonale museumsnettverket får på plass avtaleverk og ordningar som gjer dette mogeleg.

Ei saerskilt utfordring knytt til eigarskap til samlingar og samlingsforvaltning er det faktum at mange konsoliderte museum ikkje eig samlingane sine, dei blir eigmenn av eigarstyre. I meldinga er rolla til eigarstyre og råderetten over samlingane difor problematisert. Det kjem fram at det er solid empirisk belegg for å konstatere at deling mellom konsoliderte driftseininger og eigarstyre har vore ein uheldig konsekvens av museumsreforma som for mange museum har kravd store interne ressursar.

Meldinga trekkjer også fram at frivilligheita har fått ein meir utfordrande posisjon etter museumsreforma og har dels forkart dette med eigarstystrene si rolle.

Kulturdepartementet meiner mellom anna at problematikken er knytt til delt eigarskap til samlingane mellom ulike eigarstyre og den konsoliderte eininga. Det kjem også fram i meldinga at det i nokre museum er ei ambivalent haldning knytt til frivillig innsats, særleg knytt til tilhøvet mellom frivillig arbeid og profesjonalitet, og i meldinga står det mellom anna:

«At samlingane som dei konsoliderte einingane forvaltar, har hatt ulike eigarar og eigarstyre, har nokre stader gjort det krevjande å få til ein heilskafeleg organisasjon og teke store administrative ressursar for å få dette til. Utfoltrudrerdinepgar tie nmoeknrtee rt evguordnearre kr ndyett stliik d aett tdee...t f.Uatmfolredis ienrg ar knytte til dette er likevel noko departementet vil følgje med på i tida som kjem».

Som ei følge av desse signalene trur vi at eigarstyrta anten blir fasa ut/fusjonert med dei konsoliderte musea, eller at det blir inngått nye og detaljerte avtalar om ansvar, forvaltning og drifta av samlingane. I det siste alternativet blir det truleg ei utfordring for eigarstyrta å forvalte avtalane dersom dei ikkje klarar å finansiere drifta si, samt rekruttere inn kompetente styremedlemmer i styra sine.

Styrking av museumsforskinga

Ein sentral bodskap i museumsmeldinga er styrking av forskings- og formidlingskompetansen i musea. Det

blir slått fast at musea framover skal ha ei tydelegare rolle som kunnskapsinstitusjonar knytt til forsking, immateriell kulturarv, kulturelt samspel og kritiske perspektiv. Det er såleis hyggeleg å konstatere at gjennom etableringa av avdelinga for forskning og bevaring, med eigen avdelingsdirektør med i leiargruppa, har MiSF ei framtidsretta organisering på dette fagområdet.

Satsing på kystkultur

I museumsmeldinga vart det lansert to prioriterte satsingar knytt til investeringar i fasilitetar og bygg; kystkultur og den visuelle kunstscena i den nordlegaste landsdelen. I Musea i Sogn og Fjordane er kystkulturen godt representert. Kulturdepartementet vil prioritere investeringssøknader som kan løfte kystkulturen si historie i åra som kjem, i første omgang gjeld dette seks prosjekt. Eit nytt verne- og formidlingsbygg Holvikejekta er eit av desse seks prosjekta. Dette gler vi oss stort over.

Nye konsolideringsprosessar?

Museumsmeldinga har tona ned forventningane om nye konsolideringar, samanlikna med det som kom fram i utgreininga som følgde kulturmeldinga i 2018 om konsekvensane av regionreforma. Men det kjem fram at det skal gjennomførast kvalitative, fagfellebaserte vurderingar av musea på institusjonsnivå, noko som kan innebere at musea i sterke grad blir utforda både fagleg og ressursøkonomisk framover.

Kulturdepartementet vil legge større vekt på at alle musea utviklar planar og samarbeidsavtalar med andre, då dette kan medverke til at ein kan nå forventa nivå av kvalitet og profesjonalitet. Såleis meiner departementet at det er tenleg med ytterlegare samankoppling av fagleg nærtståande museum i same geografiske område. Ytterlegare konsolideringar vil dermed framleis kunne vere aktuelt i nokre regionar, men i store delar av landet er det mykje som tyder på at ein no har eit greitt tal museumseininger med statlege driftstilskot. Venteleg vil dette kunne påverke utfallet av prosessen med konsolidering som vart initiert i Vestland fylke hausten 2020 og vinteren 2021. Korleis det blir er førebels uklart.

Museumspolitikken fram mot 2050 og Musea i Sogn og Fjordane

I meldinga er det uttrykt forventningar til musea i det nasjonale museumsnettverket:


«Regjeringa ynskjer ein museumssektor som på best mogleg grunnlag er offensivt retta mot omgjevnadane, psørkojaesnjdoen ei Isl pi øarrsbmeåidlssftoirllminegra or go fga ignlengfae lplsrviiionrkitelearri.n Dgaetr og er òg avgjeraende at musea aktivt søker partnarskap

som legg grunnlag for solid økonomi forankra i ulike finansieringskjelder. Desse måla meiner regjeringa det einskilde museet, og sektoren samla sett, best kan nå gjennom:

- Solid kunnskapsproduksjon
- Relevant formidling
- Heilskafeleg samlingsutvikling
- Trygg ivaretaking
- Aktiv samhandling

Dei sentrale aktørane i ei slik utvikling er musea sjølv. Profesjonell og solid drift er avgjeraende for å få dette til. Trygg økonomi- og ressursstyring, systematiske prioriteringar, godt planverk, god digital kompetanse og effektiv bruk av digitale verktøy, god museumsfagleg kompetanse og godt samspel med andre aktørar, er sentrale styringsparameter for den framtidige museumspolitikken.»

Foringane i meldinga vil vere rettleiande for den nasjonale og regionale museumsutviklinga dei neste tjuefem åra. Sjølv om dei konsoliderte musea er svært komplekse samfunnsinstitusjonar som lever i eit konstant krysspress frå ulike interessentar trur vi at Musea i Sogn og Fjordane er godt budde for å møte dei forventningane som museumsmeldinga målber.



Kjartan Aa Berge
Administrerande direktør

1. Om Musea i Sogn og Fjordane

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart oppretta på bakgrunn av sentrale føringar og som følge av den statlege museumsreforma (St.meld. nr. 22 (1999-2000)/Kjelder til kunnskap og oppleving).

Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009 med ein stiftingskapital på kr. 100.000, fordelt med kr. 50.000 på Sogn og Fjordane fylkeskommune og kr. 10.000 på kvar av dei andre stiftarane: DHS-Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sunnfjord Museum. I 2012 vedtok styret i Musea i Sogn og Fjordane å ta over drifta i

Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter med verknad f.o.m. 2013. Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum vart 14.07.17 overdratt Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane etter vedtak i Lotteri og Stiftingstilsynet med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2017. Sogn og Fjordane Kunstmuseum hadde ei stiftingskapital på 110.000 kroner. Som ei følge av denne overdraginga auka stiftingskapitalen til 210.000 kroner. Med virkning frå 01.09.2018 overförde Nordfjord Sogelag samlingar og eigedomar ved Nordfjord Folkemuseum til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Rådet

Forutan stiftingsstyret skal det, i flg. stiftingsvedtekten, vere eit råd for det konsoliderte museet.

Rådet er sett saman av representantar frå eigarstyra, fylkeskommunen, vertskommunane, regionråda, Høgskulen på Vestlandet og BKSF (Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane). Rådet hadde ett digitalt møte i 2020.

Styret

Vestland fylkeskommune (tidligare Sogn og Fjordane Fylkeskommune) vel styreleiar og eitt styremedlem med personlege vara. Rådet vel tre medlemmer med personlege vara. To medlemmer med personlege vara, vert valde av dei tilsette. Styret er det øvste organet i stiftinga.

Styret har også sett til at verksemda i meldingsåret har vore drive i samsvar med hovudintensjonane i museumsreforma og dei retningsliner som er gjevne i tilsegnssbreva frå offentlege styresmakter.

Styret har også sett til at verksemda i meldingsåret har vore drive i samsvar med hovudintensjonane i museumsreforma og dei retningsliner som er gjevne i tilsegnssbreva frå offentlege styresmakter.

Styremedlemmar 2020

Styreleiar:

Varamedlem:

Nestleiar:

Varamedlem:

Styremedlem:

Varamedlem:

Styremedlem:

Varamedlem:

Styremedlem:

Varamedlem:

Styremedlem:

Styremedlem:

Varamedlem:

Styremedlem:

Styremedlem:

Varamedlem:

Ivar Kvalen

Frode Bøthun

Hanne Oftedal

Anders Ryssdal

Kristin Maurstad

Hilde Kvamsås Aa

Arild Bergstrøm

Eli Grete Høyvik

Olvie Grotle

Hege Lothe

Eva Marie Felde

Jan-Arve Lund

Øyvind Skarstein

Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune

Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune

Valt av rådet

Valt av rådet

Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune

Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune

Valt av rådet

Valt av dei tilsette

Valt av dei tilsette

Valt av dei tilsette

Leiargruppa


Fram til ny organisasjonsstruktur vart implementert, bestod leiargruppa i MiSF av administrerande direktør, 6 avdelingsdirektørar, museumsfagleg seniorrådgjevar, økonomisjef og bygg- og eigedomssjef.

Frå 1. november 2020 består leiargruppa av administrerande direktør, fire avdelingsdirektørar og ein personalsjef.

Stiftinga bestod av følgjande museum ved utgangen av 2020:

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
Sogn Fjordmuseum
Norsk Reiselivsmuseum
Sogn og Fjordane Kunstmuseum
Astrupunet
Eikaasgalleriet
Sogn Kunstsenter
Nordfjord Folkemuseum
Kystmuseet i Sogn og Fjordane
Vågsberget
Sunnfjord Museum
Norsk Kvernsteinsenter/Kvernsteinsparken

Organisasjonskart



2. Fagleg aktivitet

Dei faglege aktivitetane ved Musea i Sogn og Fjordane har som mykje anna i 2020 vore påverka av koronapandemien. Sjølv om museet har vore skåna frå å måtte permittere tilsette, har avgrensing i reising mellom musea, bruk av heimekontor for mange, pålagd karantene og stadig endring i smittevernreglane ført til at planlagde aktivitetar, kurs og prosjekt har vorte utsette eller avlyst. Arbeidskvarden har vore mindre føreseileg, og dette har påverka planlegging og gjennomføring av faglege aktivitetar.

Samstundes har situasjonen gjeve høve til å fullføre arbeid med planverk, prøve ut nye formidlingsmåtar, fornye utstillingar, kartlegge, registrere og vurdere samlingar. Sjølv om formidlingsaktivitetane har vore hardt råka av pandemien, har det også ført til ro til å prioritere andre arbeidsoppgåver for fleire av dei tilsette.

Arbeid med ein heilskapleg samlingsforvaltingsplan har teke lang tid, påverka mellom anna av strategi- og organisasjonsprosessane som har gått føre dei siste fire åra. I 2020 blei arbeidet langt på veg sluttført, og samlingsforvaltingsplanen blei vedteken av styret i byrjinga av 2021. Samlingsforvaltingsplanen er bygd opp med to hovuddelar: 1) Skildring av status for samlingane og samlingshistorikk, og 2) mål og tiltak for planperioden. I tillegg er det utarbeidd ei samlingshandbok som vedlegg til planen, som følgjer den internasjonale SPECTRUMstandarden for god samlingsforvalting. Planen og handboka vil bidra til ei styrking og profesjonalisering av samlingsforvaltinga i Musea i Sogn og Fjordane.

Også plan for formidling blei utarbeid i 2020 og vedteken på første styremøte i 2021. Formålet med planen er å sikre at MiSF har eit heilskapleg formidlingstilbod. Planen tek føre seg organiseringa av formidlingsarbeidet ved MiSF, tilgjengeleighet og målgrupper, og løftar fram immateriell kulturarv og mangfold som to overordna perspektiv som formidlingsarbeidet skal spegla. For publikumstilboda utstilling, pedagogiske tilbod til born og unge, formidlingstilbod til vaksne, digital formidling og arrangement er det utarbeidd mål og tiltak.

I etterkant av Bygningsvernundersøkinga, blei det i 2020 gjennomført eit prioritiseringsprosjekt på eit utval av dei kulturhistoriske bygg som var i dårleg stand (tilstandsgrad 3). Arbeidet er utført av ei tverrfagleg gruppe med representantar frå dei ulike musea, med mål om å teste ut metodikk for prioritering i bygningssamlinga og samtidig identifisere bygg som skulle prioriterast vedlikehaldsarbeidet på kort sikt. MiSF søkte og fekk tilslag

frå Vestland fylkeskommune på ordninga Museumsloft for å vidareføre arbeidet for heile bygningssamlinga.

2021. Når prioritiseringsarbeidet er gjennomført, vil vi ha eit godt utgangspunkt for å jobbe strategisk og målretta med vedlikehald og forvalting av MiSF si stor samling av kulturhistoriske bygg.

2020 markerte at det var 100 år sidan Nordfjord Folkemuseum opna. Koronasituasjonen gjorde at vi ikkje fekk feira på den måten vi håpa på, men på jubileumsdagen 25. juli var det gratis inngang, kake og museumshistorisk omvising. I samband med jubileet har det vore jobba med ei artikksamling som tek for seg historia til museet, og 18. oktober arrangerte museet miniseminar med foredrag om Nordfjord.



Jubileumsutstilling: I jubileumsutstillinga til Nordfjord Folkemuseum kunne ein mellom anna sjå mange av dei første gjenstandane som kom inn til museet. @MiSF

2.1 Forvalting av samlingane

Musea i Sogn og Fjordane har store samlingar, og arbeidet med å registrere, revidere og få oversyn over samlingane er ei kontinuerleg oppgåve. I samband med at MiSF no førebur innflytting til det nye fellesmagasinet om nokre år, har vi i 2020 satsa ekstra på framgang i arbeidet med å registrere, digitalisere og gjere tilgjengeleg samlingane. To registratorar har vore engasjert i prosjekt gjennom året, og har arbeidd med samlingane ved høvesvis Nordfjord Folkemuseum, Sunnfjord Museum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane og De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Dette har gjeve merkbar auke i tal registrerte gjenstandar. MiSF har i 2020 også vidareført prosjektstillinga på samlingsforvalting, som har vore viktig for å gjennomføre arbeid med samlingsforvaltingsplanen, prioriteringsprosjektet for bygningssamlinga, og ei gjennomgang av musikkinstrumentsamlingane i MiSF.

Ei arbeidsgruppe har arbeidd med å detaljere planane for fellesmagasinet i samarbeid med eksternt engasjert byggherreombod. I dette arbeidet har vi og fått hjelp frå Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland, som etter fylkessamanslåinga er etablert som fagressurs på samlingsforvalting også for Musea i Sogn og Fjordane.

I samband med ombygging og flytting av samlinga frå administrasjonsbygget ved Sunnfjord Museum, vart det gjennomført eit stort revisjons- og registreringsarbeid av om lag 3900 gjenstandar frå januar til september. Det var primært tekstsamlinga som vart flytta, saman med enkelte møblar og anna som har vore lagra mellombels i utstillingslageret. Ved Nordfjord Folkemuseum har vi sluttført arbeidet med å revidere og fotografere gjenstandar som vart teke inn frå Heggdalsloftet i 2018, samt inntak av gjenstandar og arkivmateriale frå dødsbuet til Petter Eide. Ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane blei mellom anna store delar av kunsten etter Bjørn Heigranes gjort tilgjengeleg på Digitalt Museum. Materialbilda vart flytta frå Jotun og mellombels plassert i museumsbygga i påvente av flytting til fellesmagasin. Ved Norsk Reiselivsmuseum er det arbeidd med å rydde i biblioteket og å lage plan for tileigning av eldre reiselivslitteratur. Det er i tillegg teke inn ei samling reiselivsbrosjyrar og ei eldre reiseskildring til boksamlinga. I samband med gjennomgang av musikkinstrumentsamlingane og samlinga av førhistoriske steingjenstandar, er det ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum fotografert og gitt hylleplassering til 200 gjenstandar, som er registrert tidlegare.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum har i 2020 kjøpt inn verk av kunstnarane Karina Siegmund, Marius Moldvær og Astrid Myklebust for dei ordinære innkjøpsmidlane. Museet arbeider mot ein større presentasjon av tekstilkunst i samlingane i 2021. Dette har blitt brukt som eit høve til å gå gjennom tekstilkunsten i samlinga, identifisere hol og styrke, og kjøpe inn tekstilkunst som styrker høvet til å formidle den lokale tekstilhistoria. Innkjøpsmidlane har vore fordelt mellom to nolevande tekstilkunstnarar med tilknyting til Sogn og Fjordane og eit innkjøp av ni tekstilkunstverk av Astrid Myklebust (1934-2007) frå Stardalen. Kunstmusea fekk og høve til å gå gjennom materiale etter Astrid Myklebust og fekk i samband med dette arbeidet åtte grafiske arbeid i gave. Museet samarbeider med Fylkesarkivet i Vestland om å få oversikt over arkivmateriale etter Myklebust.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum takka i 2020 ja til to portrett måla av Knud Baade (1808-1879) i gave. De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum har frå før måleri av Baade i si samling.


I 2020 fekk Musea i Sogn og Fjordane eit ekstraordinært tilskot på 2 millionar kronar frå Kulturdepartementet, til kjøp av samtidskunst, kunsthåndverk og design. Tilskotet er eit av tiltaka i samband med koronapandemien, og innkjøpa blei i hovudsak gjennomført i starten av 2021.

Tilveksten er samla sett låg, og det er ei nedgang i kulturhistoriske gjenstandar. Nordfjord Folkemuseum held fram med ein aktiv avhendingsprosess, og museet står aleine for avhending av 451 gjenstandar i 2020.

Som førre år, søkte Musea i Sogn og Fjordane i 2020 Kulturdepartementet og Vestland fylkeskommune om midlar til verne- og formidlingsbygg for Holviujejkta. Norconsult vart hyra inn for å sjå på tekniske løysingar og kvalitetssikre tala, og utarbeidde eit skisseprosjekt. Prospekt frå 2019 vart oppdatert i 2020. Søknaden vart dessverre avslått i denne omgang, og ny søknad blei sendt i 2021. I fyste halvår av 2021 har det kome signal om at eit statleg tilskot likevel er mogleg.

Bygningsantikvarisk

Prioriteringsutvalet for bygningssamlinga fullførte i 2020 si rapport for dei 14 bygga som vart tilstandsklassifisert som TG3 (dårlegast). Fem bygningar som også var klassifisert som TG3 blei ikkje tatt med i arbeidet fordi



det allereie var lagt planar for restaurering: 3 bygg ved Astrupunet, Kvammeloftet ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum og Heggdalsloftet ved Nordfjord Folkemuseum. Av bygningane som var omfatta av prioriteteringsutvalet sitt arbeid, blei sauefjøs frå Gjengedal på Nordfjord Folkemuseum og Lisetbua i Kalvåg (i samlinga til Kystmuseet i Sogn og Fjordane), prioriterte prosjekt i 2020. På Gjengedalsfjøsen vart det grofta rundt bygningen for å hindre fuktskade, stavane vart løfta opp og taket skifta. Ved Lisetbua blei det gjennomført tiltak for å sikre bygget under tømming, som ei førebuing til meir omfattande kartlegging og restaureringsarbeid.

I 2018 kom Musea i Sogn og Fjordane med i utviklingsprosjektet Handverksforskning støtta av Kulturrådet, med eit prosjekt knytt til Kvammeloftet ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Med bakgrunn i dette prosjektet har arbeid med Kvammeloftet vore prioritert ved museet både i 2019 og 2020. Utgangspunktet for arbeidet har vore ei utgilding i takkonstruksjonen, og gjennom prosjektet er det jobba både med restaurering, undersøking av årsak for utgilding og dokumentasjon av tidlegare restaureringsarbeid.

Vestland fylkeskommune var i november på synfaring på dei eldste husa på Nordfjord Folkemuseum. Det vart teke dendrokronologiske prøvar av loft frå Heggdal i samband med at museet ønsker å restaurere bygningen. Prøvane


viste at tømmeret loftet er bygd av er frå 1500-talet, og fylkeskommunen vil følge opp arbeidet ei eventuell freding vil medføre.

Ved Astrupunet er det sett i gang eit større restaureringsarbeid som involverer både dei antikvariske bygningane og hageanlegget. Musea i Sogn og Fjordane er ikkje sjølv involvert i restaureringsarbeidet, men er representert i styringsgruppa for prosjektet.

Det har elles vore kontinuerleg vedlikehaldsarbeid på dei kulturhistoriske bygningane. Ved Sunnfjord museum er det skifta never, einekrokar og torvhaldsstokk på eine sida av Østenstadstova, bytta kleddning på Kyrafloren og lagt nytt tak på Bu frå Rørvik. Ved Norsk Reiselivsmuseum er det laga nye drakehovud på Cooperhuset og satt i stand utvendig trapp. I bygningssamlinga ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane er det mellom anna lagt nytt torvtak på Jotun, hovedhuset på Vågsberget er måla, inkludert rosetten over hovudinngangen (Sola) og rekkverket er reparert. Det er gjennomført vedlikehaldsarbeid på Standalbua, Jensenbua og Nilsenslippen, mellom anna restaurering av vindauge, maling og bytte av kleddning. Ved Nordfjord Folkemuseum er arbeidet med nytt tak på Fargeriet sluttført i 2020, og røykomnen i stove frå Sæten vart sett i stand, slik at ein no trygt kan fyre i han.



Ole og Kjetil river Kvammeloftet ved DHS-Sogn Folkemuseum. ©MISF



Frå arbeidet med rydding og sikring av Lisetbua i Kalvåg. ©MISF



DHS- Sogn Folkemuseum. Kvammeloftet. Overbygg. ©MISF

Kulturlandskap

Å skjøtte kulturlandskap er ein kontinuerleg prosess, der sjølve handlingane nokre gonger kan vere det viktigaste musea tek vare på. Musea i Sogn og Fjordane har kulturlandskap både som integrert del av opplevingsdimensjonen ved museumsanlegga, som meiningsfulle kontekstar kring dei antikvariske bygga, som ei arena for utøving og utvikling av handlingsboren kunnskap, og som gjenstand for forskingsprosjekt og kunnskapsutvikling. Musea i Sogn og Fjordane er ansvarsmuseum for det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap, og har ei brei tilnærming til kulturlandskap som temaområde, men med særleg vekt på det landbruksbaserte kulturlandskapet. Arbeidet inkluderer også stell av bed og tre, grasklipping og damrensing.

Ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum er mykje av arbeidet knytt til engene på museet, som har stort biologisk mangfald og er kjelde til både naturforvalting og forskingsprosjekt, i tillegg til arena for praktisk utøving av tradisjonelle jordbrukssteknikkar. Museet har også fleire styringstre, og det blir hogd mellom 150 og 250 kjerv i året som vert sett i lauvstakk eller lauvrakk.

I 2020 har Sunnfjord Museum donert slåtteeng til rehabiliteringsprosjektet ved Astripunet, som del av eit

større hage- og kulturlandskapsprosjekt. Val av eng på museet var grunna i ønske om frøtypar med geografisk nærliek til Astripunet. Arealet vart inngjerda, slått og tørka sommaren 2020, og høy og frø vil bli nytta i prosjektet i 2021. Det vart tatt jordprøver for å undersøke jordsmonn på området.

På garden på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum vart det i 2020 som vanleg utført mykje vedlikehald av gjerde. Ruskehaugen, Haukåsenga, Geithusgjerd, Falkahaugen og Følamyri, mellom fjøset og Kvitevollen, samt Kvennabakken, har alle fått nye gjerde. Det vart også sett opp nytt gjerde då grisane fekk nytte beite i sommar og på Ospeskori har det vore ein del krisereparasjoner i haust. Også på Nordfjord Folkemuseum vart det jobba med gjerde, med nyt «stikkegard»-gjerde og grind ved hovudinngangen til museet.

Ved Norsk Reiselivsmuseum vart det i 2020 gjort ein del arbeid med grøntområda omkring «hamnestripa» opp mot Kviknes Hotel, samt kartlegging og planlegging av naudsynte framtidige arbeid Ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane vart hogd og fjerna lyssiv og einstape på Brendøya. I tillegg vart det etablert hage og sti til sjøen i Båtevika. I 2020 vart prosjektet «utsiktsrydding» i Kvernsteinsparken avslutta. Store område av parken er rydda slik at steinbrottslandskapet har blitt meir synleg. I samband med BARK-prosjektet er det avdekkja ei rekke med nye steinbrot medan synlege steinbrot vart frigjort for vegetasjon.



Hesjing Sunnfjord Museum. @MiSF



Potetplukk med barsokgruppa ved Sunnfjord Museum.
@MiSF

2.2 Forsking og kunnskapsdeling

Gjennom det kulturrådsstøtta prosjektet om handverksforskning, har handverkarane ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum i fleire år arbeidd på Kvammeloftet med å kartlegge bakgrunnen for ei utgliding i takkonstruksjonen og undersøke kva for endringar og tiltak som er gjort med bygget gjennom levetida. Prosjektet, som har vore leia av handverkar Ole Fredskild, har utfordra gamal kunnskap om Kvammeloftet, inkludert alder, og har etter grundige undersøkingar avdekt andre årsaker til utglidinga enn det som først var rekna med. Tidlegare forsøk på restaurering blir oppsummert i ein fagartikkkel av prosjektansvarleg, noko som bidreg til å løfte fram handverskompetansen som eit viktig døme på kunnskapsutviklinga i musea.

I 2020 byrja eit større kartleggings- og dokumentasjonsarbeid ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane rundt Brendøya og menneska som levde her. Formålet er å dokumentere og formidle leve- og buvilkåra. Prosjektet er tiltenkt ein plass i DKS-tilbodet framover og i t.d. digital formidling.

I 2020 vart det 3-årige kalkomnsprosjektet i Kvernsteinsparken avslutta. Prosjektet, som har vore støtta av Riksantikvaren, har hatt som mål å produsere kalkmørtel etter mellomaldersk modell og bruke han på mellomalderbygningar som ikkje toler moderne cement. I 2020 har det vore gjennomført fleire brenningar av ulike type kalk både i den store og den vesle omnen. Høgdepunktet var eit handverkskurs for 12 murarar i Bergen der deltakarane vart lært opp i bruken av tradisjonskalk. Kurset var eit samarbeid mellom NKS, UiB og Haakon Aase tørrmuring AS og finansiert av Riksantikvaren, UiB, Kulturminnefondet og NKS.

Norsk Kvernsteinsenter er også partner i prosjektet «Stillehavssøsters – gull for kulturminnevernet 2019 – 2020», der østersskjella vert nytta til kalkproduksjonen. Prosjektet er ein del av Verdiskapingsinitiativet til Vestfold fylkeskommune.

Norsk Reiselivsmuseum har eit pågående samarbeid med Museumsberg Flensburg om ein fotosamling som nyleg vart avdekkja. Dette materialet har aldri sett dagens lys før no, og er frå keisar Wilhelms tid i Noreg. Norsk Reiselivsmuseum vil nytte dette til å lage ei digital formidlingsoppleving, samt legge til rette for vidare forsking på materialet. Museet arbeider også med ei fysisk utstilling der den historiske suvenirproduksjonen av åkle frå dampskipstida står i fokus. Dette er gjort mellom anna i samarbeid med to frivillige, der den eine av desse også har arbeidd med veving i Cooperhuset i dei siste åra. Kunnskapen dei samlar inn og som dei sjølv har er heilt unik, og vert dokumentert/sikra for ettertida.

Sunnfjord museum er deltakar i forskingsprosjektet «Verdiskapande Kundeopplevelinger i Kulturdestinasjonen Sunnfjord». FOU-prosjektet er støtta av Norges Forskningsråd og er eit samarbeid med kultur- og næringsliv i Sunnfjord kommune, Vestlandsforskning og Sunnfjord utvikling, med mål å utvikle nye regionale reiselivstilbod innan kulturturisme. Museet har i 2020 også hatt fleire opplegg for å formidle frå eigen kunnskapsutvikling. Til læringer på byggfag (vidaregående oppplæring) har det vore omvising med handverkar, presentasjon av byggeskikk og høve til å prøve ulike verktøy. For studentar på byggfaglinja ved Fagskulen i Sogn og Fjordane har det vore omvising og synfaring i Østenstadstova. Studentane nytta Østenstadstova som «case» og laga tilstandsrapport av denne som dei seinare presenterte for handverkarane på Sunnfjord Museum. Museet jobba også fram eit kunnskapsgrunnlag for fagleg omvising om sjukdom og behandling i eit historisk perspektiv og skuletilbod om «Sjukdom før koronaviruset».

Minneprosjektet som Aud Ross Solberg og Mari Sofie Sandvik ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum deltek i, har hatt som mål å gjennomføre livsløpsintervju om helg og høgtid gjennom året og livet. Grunna koronapandemien blei dei planlagde intervjuva avlyst, og prosjektet endra hausten 2020 tema til å handle om «Korona i Sogn».

Immateriell kulturarv

Sidan 2018 har Nordfjord Folkemuseum administrert prosjektet «Nordfjordbåt; bygging og bruk». Andreas Mardal, som lærar, byggjer nordfjordbåt saman med båtbyggjar Kristen Arnestad. Byggeprosessen er knytt til formidlingsopplegg for skuleklassar, og båtane i prosjektet skal kome allmenta til gode. Mardal har også bygd ein båtverkstad slik at han kan vidareføre handverket når prosjektet er over. På grunn av korona-pandemien var det lite aktivitet kring prosjektet i år.

Ved Sunnfjord Museum har dei hatt kursverksemid i handverkssteknikkar, mellom anna korgfletting. Immateriell kulturarv har også vore eit viktig element i «Barsok» - tilbodet ved museet. Tradisjonsmusikk og dans er ein raud tråd, men også handverkssteknikkar, mattradisjonar, folketro og skikkar er sentrale.

Kystmuseet i Sogn og Fjordane har formidlingstilbodet «Sildeflekkning», skuleopplegg for å lære skulelever å flekke silde slik det tradisjonelt vart gjort på saltebuene langs kysten. Elles jobbar dei fleste musea med immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap mellom anna i forvaltinga av dei antikvariske bygga, skjøtsel av kulturlandskap og formidlingsopplegg knytt til matlaging, folketro og segn.



Byggfaglærlingar i Sogn og Fjordane på besøk på Sunnfjord museum. @MiSF



Per Christian frå Kvernsteinparken prøvar smia på Sunnfjord museum. @MiSF

Anna forskings- og kunnskapsarbeid

Ved NFM har det i 2020 vore arbeidd med ei artikkelsamling i høve 100 års jubileet til Nordfjord Folkemuseum (skal publisera i 2021) og Jul i Nordfjord 2020, som museet har det redaksjonelle ansvaret for. De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum har det redaksjonelle ansvaret for Årbok for Sogn, som i 2020 kom ut som jubileumsbok for Sogndal folkehøgskule.

Mari Sofie Sandvik ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum sit som redaksjonsmedlem Heimen – Tidsskrift for lokal og regional historie. Sandvik sitt i styret i Den norske historiske foreining i Sogn og Fjordane. Ho er også med i utviklingsgruppa for minneprosjektet [www.minner.no](http://minner.no).

Avdelingsdirektør ved Nordfjord Folkemuseum, Anne Kristin Moe, har vore leiar av ICOM si ekspertgruppe for immateriell kulturarv i arbeidet med utarbeidning av nye museumsetiske retningslinjer. Arbeidet vart avslutta i 2020. Moe sit også i styret for Norsk foreining for kulturforsking, og på årsmøtet i foreininga vart det bestemt at Musea i Sogn og Fjordane skal vere vertskap for konferansen i 2022.

Ein av våre handverkarar, Knut Arve Helle ved Sunnfjord Museum, har i 2020 teke vidareutdanninga i «Klassisk bygningshandverk og restaurering» ved Fagskulen Hordaland. Dette er i samsvar med mål i kompetanseplanen om å auke kompetansen på antikvarisk bygningsvern. Utdanninga er planlagt ferdig våren 2021.

Handverkar Jan Arve Lund ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum er representant i Fagrådet for Lærdalsøyri. Han har også vore museet sin representant i Karl Eggums legat, knytt til eit gammalt notanaust i Sogndal.

Seniorrådgjevar Thomas Walle har vore rettleiar for phd-kandidat i Kulturvitenskap ved Universitetet i Bergen, med disputas i desember 2020. Han er også redaksjonsmedlem i Norsk Museumstidsskrift.

2.3 Formidling

Musea har eit mangfaldig tilbod av formidlingsopplegg og omvisingar, som mellom anna følgjer årssyklusen og vart tilbytt over fleire år. Med ny formidlingsplan på plass, vil det i åra framover bli jobba mye med å uforme nye formidlingsopplegg og å utvikle bruken av digitale løysingar i formidlinga. Men også i 2020 vart det nye formidlingstilbod ved fleire av musea.

Norsk Reiselivsmuseum fekk ny museumspedagog på plass, og har etter dette laga tre nye formidlingsopplegg. Museet har hatt god dialog med skulane og andre viktige grupper i ei



Fylkeskommunen: Prøvane av byggematerialet på loftet frå Heggdal, som Stig Nordrumshagen frå Vestland Fylkeskommune tok, syner at bygget er frå 1500-talet. @MiSF

tid med mykje uviss, og står klare til å formidle så snart skulane ønskjer. Det er elles gjort arbeid med å oppdatere utstillingane som omhandler nyare tid, mellom anna tidslinja og tal om reisliv, slik at covid blir drøfta på ein måte som held høg fagleg kvalitet. Saman med skuleopplegg om pandemien har me difor tatt sikte på å tilby eit rom for læring og diskusjon om pandemien, når skulebesøka tek seg opp igjen.

I 2020 vart det utarbeidd ein ny rettleiar for Nordfjord Folkemuseum med informasjon om dei ulike bygningane i Friluftsmuseet. Alle antikvariske bygningar fekk identifikasjonsskilt med museumsnummer og det vart sett opp kulturhistoriske tekstar i fleire av husa. Friluftsmusea vart mykje brukt av skuleklassar og barnehagar under dei spesielt restriktive koronaperiodane.

Museet ønskte å ha tettare samarbeid med ei klasse på eit av formidlingsopplegga, «Alle gode ting av tre». Gjennom heile 3. klasse (skuleåret 2019/2020) følgde elevane sine tre i friluftsmuseet, såg korleis det endra seg med årstidene og vi gjennomførte ulike aktivitetar. Kor høgt og gamalt er dette og andre tre? Vi lagde leikar, bilete og saft frå trea.

Som del av 100-årsmerkinga til Nordfjord Folkemuseum sette vi også opp ei jubileumsutstilling, der vi syntre fleire av dei først innkomne gjenstandane, i tillegg til at vi knytte det opp mot emne som likestilling, leik, tabu og krig.

Veglo ligg i Førde sentrum og er dagtilbod for eldre og personar med demenssjukdom. Sunnfjord Museum legg til rette for besøk på museet, men hausten 2020 har tilsette på museet også vore på eitt besøk til dei, der vi mellom anna hadde med gjenstandar frå samlinga vår. Det vart gjennomført 3 besøk (2 på museet, 1 hjá Veglo).

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum har i det siste året lagt vekt på å fokusere på - og profilere seg som «Barnas museum». I dette høve vart det laga eit aktivitetshefte for barn, med fokus på det du som barn kan oppleve på museet. Dette vart godt motteke av barnefamiliar, som besøkte museet. Det vart også utarbeidd eit hefte om plantene i Kvannegarden. Dette er eit tillegg til dei to hefta vi har frå før om kulturlandskap og hager på museet.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

Tilbod gjennom Den kulturelle skulesekken vart sterkt avgrensa dette året grunna koronapandemien. Musea i Sogn og Fjordane har utvikla eit felles DKS-tilbod kalla «Tidskapselen», der dei ulike musea har laga tilpassa opplegg kring eit felles tema. Desse har vist seg å være veldig vellykka, men let seg ikkje gjennomføre i år. Det kommunale DKS-tilboden i Gloppen om «Byggeskikk» var det einaste opplegget i DKS som blei gjennomført.

Norsk Reiselivsmuseum har på si side nytta «turismens nullår» til å utvikle eit DKS-opplegg innanfor Tidskapselprosjektet. Dette er eit tilbod der Covid-19 står i sentrum, og det vert lagt opp til refleksjonar kring reiselivet, nyhende om dette, reisevanane våre og pandemians effekt på reising.

Formidling til barn og unge

Mange av dei faste tilboda til barn og unge vart avlyst grunna koronapandemien eller gjennomført på alternativt vis. Fleira av musea opna for at skuler og barnehage kunne nytte uteområda innafor regler for godt smittevern.

SUNNFJORD MUSEUM

Skuleopplegg:

- «Sjukdom før koronaviruset», (8.-10. klasse og Vidaregåande skule)
- «Jul i gamle dagar»
- «Stølsdrift», (opplegg for 6. klasse ved Sande Skule, Bygstad Skule og Viksdalen skule, samarbeid med Svanhild Oppedal med bakgrunn i boka Stølane i Gaular)
- Digitalt tilbod: «Leik med mønster», (1.-4. klasse)
- Digitalt tilbod: «Prøv deg som registrator og lag utstilling» (7. - 10. klasse)

For barnehagane:

- «Frå korn til mat» (4-5-åringane)

Anna/Høgskule e.l.

- «Sjukdom før koronaviruset», Vaksenopplæring
- Omvising til ungdom på «Ungdomscamp på Mo»
- Red Cross United World College vart invitert på familieday 06.08.2020. Eige omvising i Østenstadstova og på Stølen i tillegg til handverksaktivitetar. Dette var eit

tilbod til elevar som på grunn av koronapandemien måtte bli på campus.

- Digital formidling: Vidareføring av «Månadens ting» med informasjon om gjenstandar frå samlinga.

NORDFJORD FOLKEMUSEUM

Skuleopplegg:

- «Alle gode ting av tre» (knytt til utstilling)
- «Kjeldegransking» (Vidaregåande skule)
- «Byggeskikk» (DKS Gloppen 3. og 4. klasse)
- «100 år i Nordfjord» (Utstillingsopplegg: alle)
- «Holviukejekta» (Alle)
- «Bondesamfunnet» (Alle)
- «Frå handemakt til elektrisitet» (Alle)
- «Jul» (Alle)

KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE

Skuleopplegg:

- Vinterferieaktivitetar for barnefamilier.
- Sildeflekking (6. klasse)
- Dyra på Brendøya (Barnehager og skular)
- Potetåkeren (1. klasse)
- Norsk olje og gassproduksjon i Nordsjøen (Ungdomsskulen)

NORSK KVERNSTEINSENTER

Skuleopplegg:

- Skuleprosjekt med 7. klasse i Hyllestad skule: Går føre seg kvar veke i 3 timer. Elevane blir opplært i tradisjonshandverk og lokalhistorie og utdanna til å formidle det lærde til andre elevar og besøkjande.
- «Ein dag på garden Myklebust: Handverk i vikingtida» (barnetrinn)
- «Korleis overlevde dei i steinalderen?» Om ulike steinalderteknikkar (barnetrinn)
- «Den forsvunne fjellkjeda» Geologiekursjon (Ungdomstrinn)

Barnehage:

- Trollskule for Hyllestad barnehage

NORSK REISELIVSMUSEUM

Skuleopplegg:

- «Turismens nullår» (7.-9. klasse og vidaregåande skule)
- «Norsk postkorthistorie» (5.-10. og vidaregåande skule)
- «Då Noreg vart eit turistland» (alle alderssteg)
- «Infrastrukturen langs kysten» (ungdomsskulen)

Anna/Høgskule e.l.

- «Museum som læremiddel», med Høgskulen på Vestlandet (gjennomført digitalt)

DE HEIBERGSKE SAMLINGER – SOGN FOLKEMUSEUM

Skuleopplegg:

- Kulturminneforvalting
- Ull (Avlyst)
- Folketru og folkemedisin (Avlyst)
- Vatn-den sterkeste drykken (Avlyst)
- Eventyr, leik og dyr (Avlyst)
- Barnehagedagane (Avlyst)
- Mat og magi DKS (Utsett til vår 2021)
- Haustarbeid på garden
- Ungdom og identitet
- Kyrkja i kulturen og samfunnet
- Jul, tru og tradisjon (Avlyst)
- Barnehagedagane (Avlyst)

SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM

Museet har ikkje faste formidlingsopplegg, men tilbøy omvising og tilpassa formidlingsopplegg for skular, kommunen si integreringsprogram og anna, i tilknyting til dei skiftande utstillingane

- Skuleopplegg med omvising i grafikkutstillinga «Hundre års mangfold» og trykkeverkstad (2. klasse)
- Norskenter i Førde invitert til omvising og pynting av juletre.

2.4 Fornying

Med «fornying» sikter vi til prosjekt, aktivitetar, interne prosessar, formidlingsopplegg osb. der ein freistar å ta i bruk nye metodar eller formidlingsverktøy, nå nye målgrupper, går aktivt inn for å endre på eigne praksisar, og tenkje nytt om musea si samfunnsrolle.

Våren 2020 laga Sunnfjord Museum digitale formidlingstilbod som skulle inspirere til aktivitetar heime, på skulen og i samband med fjernundervisning på grunn av Covid-19 pandemien og nedstenginga. Tilboda vart laga som idékatalogar med link til PDF-fil i Google Documents. Plansjene i Dyreløypa vart skifta ut med QR-koder. Besøkande kunne dermed lese om kvart dyr/emne direkte på mobiltelefonen.

Hausten 2020 starta Sunnfjord Museum eit nytt samarbeidsprosjekt med Sunnfjord Kulturskule og utvikla «Barsok» - eit kurs for born i alderen 6-8 år. Temaet for kurset er kulturarv og tradisjon frå Sunnfjord i ulike former. Tilboden starta for første gong i september, og kvar tysdag i haust har borna vore med på spennande og varierte aktivitetar på museet.

I Kvernsteinsparken vart det oppretta ei ny formidlingsløype med hjelp av BARK-programmet frå Riksantikvaren (Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne). Løypa består av 14 stasjonar som er utforma som «vindhjul»

som kan snurra rundt og der ein finn tekst og ein teikneseriesnutt i 3 språk. Stien gjennom parken har blitt oppgradert med trapper, gangbaner, ei utsiktsplattform og eit lite kvilehus, og den første del av løypa er no gjennom heile utforma. Takka vere den nye løypa er det no gjennom heile året mogleg å utforske Kvernsteinsparken på eige hand og forstå steinbrotslandskapet utan guide.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum såg hausten 2020 eit behov for å få ut informasjon om kunstsenterutstillingane til eit støre publikum enn dei som kan reise til Førde i ein pandemi. Museet har difor byrja å samarbeide med eit lokalt filmproduksjonsselskap om å kunne strøyme eller filme opningstalar ut til eit støre publikum. Det gjer det mogleg å spreie innhaldet i ein utstillingsopning til fleire menneske.

Kunstmusea arbeidde sommaren 2020 med å lage nye rutinar for utstillingsproduksjon. Målet er å gjennom samarbeid inkludere meir formidling i utstillingane, blant anna ved å utarbeide eit system for kva slags tekstu og informasjon som skal vere tilgjengeleg i alle rom i ei utstilling.

Formidlarane ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum har og arbeidde med å lage oppgåveark til utstillingane. Oppgåvene har vore utforma for å gi besøkande verktøy til å sjå og oppdage kunstverka når det ikkje er ein formidlar til stades, til kohortbruk under pandemien.

Norsk Reiselivsmuseum har utarbeid ein miniguide/museumskompanjong på fleire språk, der det er prioritert språk for grupper som av ulike årsaker ikkje har same nytte av utstillinga som andre.

3. Besøkstal

Vi hadde ein nedgang i samla besøkande i 2020 på 53%, som gjev eit besøkstal på 26.590 gjester. Dette er tilsvarande nedgang som dei andre musea i det nasjonale museumsnettverket. Nedgangen kjem sjølv sagt av covid-19 som har prega oss dette året.

Som så mange andre museum i landet fekk covid-19 situasjonen og nedstenging av landet naturleg store konsekvensar for besøkstala. Vi hadde og stor nedgang i sommarsesongen, da fleire av våre museum tradisjonelt har mykje utlendingar på besøk. Unntaket er Astrtupnet som hadde ein sær god sesong med ein auke på heile 62%. Vi er av den oppfatning at filmen «Flammen over Jølster» som har gått både på kino og NRK, sending om Astrtupnet på «Norge nå», og ikkje minst den internasjonale lanseringa av kunsten til Nikolai Astrup er ein stor del av forklaringa på denne veksten. Vi skal heller ikkje sjå vekk frå at populærerten til Astrtupnet på Instagram og påverkar besøkstalet.

Sogn Kunstcenter var stengt i 2020 grunna covid-19 situasjonen. Anders Svor Museum er frå 2020 drifta av Sunnmøre Museum.

Dei andre musea har ein nedgang grunna nedstenging og covid-19 som har prega året med få arrangement og aktivitetar. Sjølv om det var mange nordmenn på ferie på Vestlandet i fjar, opplever vi sterkt konkurranse frå andre reiselivsaktørar i området som nyttar større ressursar på marknadsføring og produktutvikling, og som gjer konkurransen tøff.

Ved Sunnfjord Museum har det vore ombygging frå hausten 2020. Tunet var og derav vinterstengt, men museet opna igjen for sesongen 2021.

DKS-tilbodet «Tidskapselen» for alle elevar i 9.klasse vart avlyst i 2020 grunna covid-19. Normalt sett er det rundt 1400 elevar som besøker musea våre i samband med dette tilbodet.

I strategiplanen er målsetningen vår 5% årleg vekst, dette vert vanskeleg å nå og for 2021, om vi legg normale besøkstal til grunn. Vi trur vi vil oppnå ein vekst liten vekst frå 2020 til 2021. Men det tek tid før vi er attende på tal besøkande som vi hadde før korona.

Vi håpar at nordmenn er flinke til å bruke musea, og korona sertifikatet snart kjem på plass. Men det vil likevel ta tid før flyruter og turiststraumane er som før korona. Trenden er også at turistane reiser i mindre grupper/familiar. Det positive er

at dei gjerne oppheld seg lengre i eit område, noko som og kan kome musea til gode. Covid-19 trur vi vil prege reiselivet i 2-3 år til, slik at det vil ta tid før vi er attende på besøkstal som i 2019. Men i 2023 trur vi det vil vere muleg å nå same besøkstal.

I den nasjonale brukarundersøkinga til Kulturrådet hadde vi grunna koronasituasjonen få svar, men vi fekk gode tilbakemeldingar. Dette var omlag på nivå med det nasjonale gjennomsnittet på kundetilfredsheit, og opplevinga av museet låg rett under gjennomsnittet nasjonalt.


MiSF nyttar felles rapporteringsskjema for besøkande med utgangspunkt i føringane om publikumsregistrering frå museumsseksjonen i Norsk Kulturråd. Besøkande som berre nyttar musea sine kafétilbod og friluftsområde til rekreasjon, er ikkje registrert i besøksstatistikken.

Presse/media

I strategiplanen for 2018-2021 har vi sett mål om 100 nyhendeoppslag i året. For 2020 har vi totalt 153 presseoppslag, der 32% av desse var relatert til korona situasjonen. Det er aller mest dekning i dei siste fire månadane i året, og aller mest i oktober.


Musea våre er flinke til å nyte lokale aviser og etermedia i samband med arrangement, utstillingar og andre ting som skjer på musea.

Under er ein oversikt over dekning, heile 82% av mediedekninga om oss er lokal:




Fleire av avdelingsdirektørane har vore i lokal og nasjonal radio, som fagpersonar eller i samband med høgtider og norske tradisjonar.

Under er ei oversikt over kven av lokalavisene som skriv mest om oss på nett:



På Riksnivå er fordelinga følgjande:



Marknadsføring

Felles marknadsføring av Musea i Sogn og Fjordane er framleis i startfasen, men vi har no hatt felles brosjyre for sesongen i fem år.

I 2020 hadde vi 59.556 økter samla ved alle nettstadene til Stiftinga som er ein liten nedgang frå året før. Dette skuldast at vi manglar tal får ei av sidene, og at koronasituasjonen har nok påverke tala. I SoMe har vi og om lag 14.170 følgjarar på alle 12 Facebook sidene, som er ein auke på ca. 4000 følgjarar frå 2019. Vi forventar å auke tal besøkande på nettsidene og følgjarar på Facebook når vi har gjennomført den visuelle profilprosessen vinteren 2021. MiSF si nettside og felles Facebooksida er administrert av marknadskonsulenten og avtalane med destinasjonsselskapene er koordinert for å få stordriftsfordelar. Vi har godt samarbeid med destinasjonsselskapene i regionen, og vi har starta arbeidet med å utvikle nye produkt for turistane. I 2018 lanserte vi eit felles museumspass for å spreie og auke tal besøkande til våre museum, dette held vi fram med i 2021.

Marknadsføring i samband med arrangement og utstillingsopninga i MiSF er kvar enkelt avdeling sitt ansvar. Det skjer gjennom bruk av sosiale medium, regional og lokal presse, nettstader og ulike samarbeidspartar. Alt av arrangement, utstillingar og aktivitet er styrt av avdelingane, og det er i dag inga koordinering mellom dei ulike arrangementa.

4. Lister

4.1. Opne publikumsarrangement

Sunnfjord Museum

- 08.02.2020 Handverksdag med open verkstad.
- 17.02-18.02.2020 Vinterferieaktivitetar
- 23.02.2020 Museumskveld/Foredrag
- 24.02.2020 Museumskveld/foredrag
- 07.06.2020 Rom for ord: «Kunsten å komme heim».
- 20.06.2020 Sesongopning
- 09.07.2020 Familiedag med campingtema/minи-utstilling
- 19.07.2020 Familiedag: Sjukdom før koronaviruset
- 23.07.2020 Familiedag: Spel og leik i gamle dagar
- 02.08.2020 Familiedag. Mini-utstilling om korndyrking i Eldstova
- 06.08.2020 Familiedag med handverkstema.
- 16.08.2020 Sesongavslutning med stolstema.
- 13.09.2020 Mini-husflidsmesse.
- 27.09.2020 Museumskveld/foredrag.


Nordfjord Folkemuseum

- 16. 01.2020 Intimkonsert: Siri Byrkjedal i Moritsstova
- 26. 01.2020 Foredrag om «Husa våre» ved Kolbjørn Nesje Bjørlo
- 25. 07.2020 Nordfjord Folkemuseums 100 årsdag. Kake, jubileumsutstilling og museumshistorisk omvising
- 20.09.2020 Museumssøndag. 75 år sidan andre verdskrig tok slutt v/Bjørn Erik Jensen
- 18.10.2020 Museumssøndag. Museumsseminar 100 årsmarkering

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

- 19.01.2020 Museumssøndag
- 22.01.2020 Arrangement i samarbeid m/Senioruniversitetet i Indre Sogn: Knut Henning Grepstad, Foredrag om politiske og andre utfordringar på kommunalt og regionalt nivå
- 17.og 18.02.2020 Winterferiedagar
- 19.02.2020 Arrangment i samarbeid m/ Senioruniversitetet i Indre Sogn: Geir Kåre Resaland. «Hovud, skulder, kne og tå», kva gjer det for kroppen og hjernen å vere fysisk aktiv.
- 23.02.2020 Museumssøndag-Fastelavn.
- 26.02.2020 «Klimaekspedisjon –frå bekymring til optimisme»
- 10.03.2020 Dagskonferanse. Kulturminne og Kulturarv som ressurs for reiselivet i Sogn.
- 28.09.2020 «Snus i snogen, tromf i brogen», eit arrm. om kjenger.
- 04.10.2020 Museumssøndag-Haustferie.
- 01.11.2020 Museumssøndag-Allehelgendsdag.

BESØKSSTAD	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Anders Svor Museum	1 190	758	491	774	688	863	0
Astrupunet	2 947	3 001	4 505	4 793	4 311	3 429	5 548
Eikaasgalleriet	999	1 113	1 744	1 866	1 161	1 078	790
Sogn Kunstsenter	1 915	5 779	533	511	522	610	0
Sogn Og Fjordane Kunstmuseum	9 644	8 061	7 081	6 926	6 171	6 845	3 741
Kystmuseet I Sogn Og Fjordane	9 837	8 231	6 265	7 949	10 781	8 803	2 824
Nordfjord Folkemuseum	7 716	9 352	9 611	8 817	6 335	7 537	3 009
Norsk Kvernsteinsenter	944	2 403	2 332	3 243	3 141	3 072	1 275
Norsk Reiselivsmuseum	0	0	5 509	5 881	7 318	4 948	2 549
Dhs-Sogn Folkemuseum	13 774	13 810	17 777	18 036	17 365	15 511	4 800
Sunnfjord Museum	9 123	8 576	7 966	8 034	6 501	4 844	2 054
SUM PR. ÅR	58 089	61 084	63 814	66 830	64 294	57 540	26 590



Norsk Kvernsteinsenter

- 20.09.2020 Familiesøndag «ICE AGE»
18.11.2020 Det grå gullet – baksteheller og kvernstein. Foredrag av Irene Baug

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

- 16.01.2020 Vevkurs med Karina Siegmund til Knøtteblest.
08.03.2020 Arrangement og foredrag av Fridjov Urdal til popup-utstilling til Kvinnedagen.
17.09.2020 Utstillingsopning Jone Skjensvold.
05.12.2020 Utstillingsopning Janne Nes (kun ti i rommet, men mogleg å følge digitalt).

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

- 18 og 20.02.2020 Vinterferieaktivitet i kafeen
20.02.2020 Museumstorsdag. Tema: Fastelaven
30.08.2020 Konsert med Gabriel Fliflet og Ricard Burgess
08.10.2020 Museumstorsdag. Tema: Omvisning i Båthallen
22.10.2020 Museumstorsdag: Tema: Sild og potet
17.11.2020 Kurs i lefsebaking med Kari Støfringsdal

Norsk Reiselivsmuseum

- 02.10.2020 – 10.10.2020 (alle dagar) Haustferie på museet
11.10.2020 Open dag/aktivitetsdag
29.11.2020 Adventsopent
05.12.2020 – 6.12.2020 Adventsopent
12.12.2020 – 13.12.2020 Adventsopent
19.11.2020 Adventsopent

Kurs i lefsebakst og tradisjonsmat med
Kari Støfringsdal, Fjordamattunet.
@MiSF



Juleaktivitet med 15 meter lang lokke. Nordfjord Folkemuseum @MiSF



Bjørn Fjellheim på Jotunet. @MiSF

4.2.Utstillingar

Sunnfjord Museum

01.02.-16.08.2020	«Kulturarv og identitet – eit innblikk i samlinga frå 1920 og fram til i dag», Sunnfjord Museum
09.07.2020	Mini-utstilling med campingtema, Sersjantløa, Sunnfjord Museum
02.08.2020	Mini-utstilling om korndyrking, Eldstova, Sunnfjord Museum

Nordfjord Folkemuseum

23.06.2019 – 11.03.2020	Alle gode ting av tre
01.07.2020 – 01.02.2021	Jubileumsutstilling – Nordfjord Folkemuseum 100 år
13.11.2020 – januar 2021	Tre julepynta stover frå tre hundreår (Friluftsmuseet)
13.11.2020 – vinter 2021	Frå øl til jul til juleol

Norsk Kvernsteinsenter

19.09. – 22.11.21	Spor i Berg. Om bakstehellebrot og gruvedrift i Ølve. Fotografi av Oddleiv Apneseth. Prestegarden (NKS) i Hyllestad
-------------------	--

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

7.3.2020 – 29.3.2020	Vestlandsutstillingen. Førde. (I regi av Sunnfjord kunstlag)
8.3.2020	Popup-utstilling om vekkunst frå Sogn og Fjordane til kvinnedagen. Førde
15.6.2020 – 6.12.2020	Northern Imaginary – Patrick Huse. Kunstsenterutstilling. Førde
17.6.2020 – 15.8.2020	Mellom Vestland og verda. Samlingsutstilling. Førde
17.9.2020 – 15.11.2020	True Colours – Jone Skjensvold. Kunstsenterutstilling. Førde
5.12.2020 – 31.1.2021	INN I FARGEN – Janne Nes. Kunstsenterutstilling. Førde


(Samlingsutstillinga «Talande ting» er og i huset, men frå 2019)

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

25.06 - 16.08.2020	"Kring Nordsjøen" fotografi av Einar Seim, Vågsberget
--------------------	---



Oversiktsbilete frå samlingsutstillinga «Mellom Vestland og verda» hos Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Installasjonen "Antropologiske studier i Sogn", 1993, av Rustan Andersson bak "Liggende ape", 1978, av Elena Engelsen. ©Kunstnarane / BONO.



4.3. Publikasjoner

Populærvitenskaplege publikasjoner

Avdem, Anna Jorunn (red.) Årbok for Sogn 2020: tema Jubileumsbok for Sogndal folkehøgskule (13 eksterne forfattarar)
Felde, Eva Marie «Blodklubb i 14 dagar –livet som bygdeslaktar i Hornindal», Jul i Nordfjord 2020
Felde, Eva Marie «Nordfjord Folkemuseum 100 år», Jul i Nordfjord 2020
Felde, Eva Marie, Nils Åge Kvamme og Anne Kristin Moe: «Alle gode ting av tre», Jul i Nordfjord 2020
Fjellheim, Bjørn, «Vågsberget handels- og gjestgjevarstad», Jul i Nordfjord 2020 side xx-yy
Lofsnæs, Solveig Berg, «Jølsters eventyrlige gigant», utstillingsskatalog, Eikaasgalleriet
Moe, Anne Kristin: «Frå øl til jul til juleøl», Jul i Nordfjord 2020

Andre publikasjoner

Moe, Anne Kristin: «Bjørn Tore Pedersen: Jekta. Eventyrets farkost.» Bokmelding. Heimen 03 / 2020 (Volum 57)
Walle, Thomas Michael: «Trygve B. Broch: A Performative Feel for the Game. How Meaningful Sports Shape Gender, Bodies, and Social Life.» Bokmelding, Norsk antropologisk tidsskrift 4 / 2020 (Volum 31)

4.4 Foredrag

Moe, Anne Kristin: «Nordfjord Folkemuseum 100 år». Gloppen bygdekvinnelag 27.august
Moe, Anne Kristin: «Immateriell kulturarv og etiske retningslinjer». Unesco og immateriell kulturarv. Rysstad 21 september
Moe, Anne Kristin: «Nordfjord Folkemuseum 100 år» Nordfjord Folkemuseum 18.oktober
Nicolaisen, Marie: «Familiedagar på Sunnfjord museum.» Museumsleidarmøte, Vestland, Førde 22.10.2020
Nicolaisen, Marie: «Om senter for Munnlag historie» Memoarkonferansen, Memoar Bergen/Digitalt 23.10.2020
Walle, Thomas Michael: Lytring: Kamp for menns rettigheter?, Debatt, Nord Universitet, Bodø 9. mars
Walle, Thomas Michael: Ordskifte: «Kvalitet og definisjonsmakt: Hvem Bestemmer?», Festspillene i Bergen, 22. mai
Walle, Thomas Michael: «Framstillingar av innvandrere i medier: å være fanget i en posisjon vis a vis majoriteten», Fra Migrapolis til Kautokeino-opprøret, seminar Nasjonalbiblioteket, 21. september
Walle, Thomas Michael: «Menn og maskuliniteter», Nord Universitet 30.september
Walle, Thomas Michael: Podkast, Kulturkontakt Norden (MeToo-podden), 1. oktober
Walle, Thomas Michael: «Hvordan kan museene jobbe med inkludering?», Sunnmøre Museum 14.oktober

Dette er oversikt fra SFKM om omvisninger. Vet ikke om dette er listet opp under «opne arrangement»

Karina, 16.01.

Fridtjov andre (Rødt) 08.01 skule 04.02,05.02,14.02 x 2, 25.02,04.03 x2,10.06 x2,02.09x2,01.10, 08.10 x2, 27.10 x2,Norksenteret 25.11 Dei uteha var ikkje med på første ,totalt 14. 08.10 var Førde kommune integrering, men eg har det under skule, men kunne kanskje vere presisert

Ingrid 06.02 (Røde Kors, beskjtenesta), Fridtjov meiner at Ingrid hadde omvisning for Fylkesutvalet for kultur 14.10 (+ Kjartan)

Museumsleiar Vestland 21.10

Jone omvisning for BKSF 19.09 i si utstilling.

Vi hadde opning i samband med Jone Skjensvold 17.09. Opninga til Janne Nes 5.desember, var eigentleg og eit arrangement...?
Terje Lyngstad var fysisk til stades + 10 publikumarar...

5. Årsmelding

ÅRSMELDNING FOR 2020 - STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE – Org.nr. 994 179 136

Verksemda si art og lokalisering

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) er eit konsolidert museum med avdelingane Nordfjord Folkemuseum (Sandane), Kystmuseet i Sogn og Fjordane (Florø), Sunnfjord Museum (Førde), De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (Kaupanger), Sogn og Fjordane Kunstmuseum (Førde), Norsk Kvernsteinssenter (Hyllestad) og Norsk Reiselivsmuseum (Balestrand). Tilhøyrande besøksstader/underavdelingar er Vågsberget (Vågsøy), Sogn Fjordmuseum (Kaupanger), Austruptunet (Jølster), Eikaasgalleriet (Jølster) og Sogn Kunstsenter (Lærdal).

MiSF sitt føremål er å drive museum; stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forsking og formidling. Stiftinga skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM sitt museumsetiske regelverk. Stiftinga kan også drive verksemd med naturleg tilknyting til hovudverksemda som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål. Stiftinga si målform er nynorsk.

Oppsummering, status og utvikling i Musea i Sogn og Fjordane

Grunna Covid 19-pandemien har 2020 vore eit annleis år for MiSF. Sidan 12. mars 2020 har pandemien prega verksemda vesentleg, særleg med omsyn til publikumsretta aktivitetar, og vi har mellom anna i periodar vore stengt for publikum. Dette har resultert i ein markant nedgang i besøkstal, og MiSF hadde ein samla nedgang på 53% i besøk samanlikna med 2019.

Per februar 2021 er vi framleis råka av ulike Covid 19-tiltak, og vi trur at konsekvensane av pandemien vil prege organisasjonen i stor grad i 2021 også.

Kombinert med ekstraordinære statlege løyingar og omprioritering av oppgåver og arbeidsinnsats, til dømes knytt til samlingsforvaltning, registrering av gjenstandar og digital formidling, har vi i 2020 unngått permitteringar av tilsette gjennom året.

Sidan etableringa av MiSF i 2009 arbeidd med å oppnå betre magasintilhøve for samlingane våre. I 2017 vart den gamle eskefabrikken i Angedalen i Førde kjøpt for å bli nytta som fellesmagasin for samlingane. Dette bygget må rehabiliterast før det kan takast i bruk som fellesmagasin. MiSF fekk i desember 2019 den formelle stadfestinga om ei løying på 40 millionar kroner over statsbudsjettet til prosjektet. Denne løyinga kom i tillegg til Sogn og Fjordane Fylkeskommune (vidareført av Vestland Fylkeskommune) si løying frå juni 2019 på 20 millionar kroner.

MiSF har i 2020 kvalitetssikra og detaljplanlagt prosjektet og jobba med å førebu eit godt anbodsgrunnlag for ein totalentreprise for byggeprosjektet. Dette arbeidet blir gjennomført saman med innteid byggeherreombod. Det er planlagt anbodskonkurranse for totalentrepreisen i 2.kvartal 2021, slik at estimert oppstart for byggeprosjektet er i 3.kvartal 2021. Det er venta at dette arbeidet tek minst 12 månader slik at bygget i Angedalen blir klart som nytt fellesmagasin i løpet av andre halvår av 2022.

Det vart i samband med årsmeldinga for 2019 meldt at prosessen med Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane om overtaking av eigarskapen til samlingane og bygg, var venta fullført i løpet av 2020. Dette arbeidet har tatt noko lenger tid enn planlagt, men det er venta at prosessen vil fullførast i 2021.

Hausten 2018 starta arbeidet med ei omorganisering av MiSF. I 2019 vart ein fagdelt avdelingsmodell vedteke som ny prinsippmodell for MiSF. Sjovl om Covid 19-pandemien har gjort arbeidet med organiseringa annleis enn planlagt vart ny struktur formelt implementert 1. november 2020, slik at MiSF i 2021 er organisert i fire avdelingar:

- Avdeling for forsking og bevaring
- Avdeling for kulturhistorie
- Avdeling for kunst
- Avdeling for økonomi, administrasjon og drift

Fagavdelingane blir leia av kvar sin avdelingsdirektør. Avdelinga for økonomi, administrasjon og drift blir leia av ein stabssjef. Alle desse fire har formelt personalansvar for sine tilsette i kvar sin avdeling. Arbeid med nye jobbskildringar, avklaringar av rolle- og ansvarsfordeling knytt til arbeidsoppgåver, samt utarbeiding av oppdatert planverk vil halde fram i 2021. Organisasjonsendringa skal vere endeleg gjennomført innan utgangen av 2022.

På infrastruktursida kan styret orientere om at MiSF 2020 kjøpte seg inn i MuseumsIT AS. Som ein konsekvens av dette vil MiSF overlate IKT-drifta si til MuseumsIT i løpet av 2021. Offentleg tilskot til ordinær drift av Musea i Sogn og Fjordane i 2020, fordelt seg slik:

- Statstilskot kr. 39 268 328* (63,2 %)
- Fylkestilskot kr. 15 681 750 (25,2 %)
- Kommunetilskot kr. 7 235 114 (11,6 %)

- Sum kr. 62 185 192

(* Inkluderer eit ekstraordinært tilskot på NOK 1 840 0000 i samband med Covid19-pandemien.

Utover desse summane har MiSF i 2020 motteke kr. 653 172 til Stiftinga Måløyraidsenteret og kr 513 500 til Gulatingset som vi vidarebetalar til desse, i forståing med Kulturdepartementet. I tillegg til dette har MiSF motteke midlar frå den statlege gåveforsterkingsordninga på kr 27 500.

Staten er den største tilskotsytares, og føresat at regionen dekkjer øvrige 40 % av det samla offentlege driftstilskotet. I 2014 gjorde Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtak om å endre sin prosentdel frå 31 til 25 av det regionale driftstilskotet, utan at kommunane sin del blei tilsvarende auka. Eit samarbeid med KS og MiSF har resultert i at alle kommunane i fylket har bidrige med tilskot i tråd med driftsavtaler frå 1. januar 2017.

Styret konstaterer at MiSF har ein avklart situasjon for driftstilskot på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå for rekneskapsåret 2021. Styret vil likevel peike på at det er ei ny museumsmelding under utarbeiding. Denne er venta å kome i løpet av 2021. Signalar frå arbeidet tyder på at det museumsfaglege fokuset skal styrkast og at det kan kome konkrete kvalifiseringskrav knytt til statlege tilskot. Det er venta at meldinga vil medføre konsekvensar for MiSF, men førebels er det ukjart korleis.

Styret hadde seks møter og behandla 56 saker i 2020.

Framleis drift

Sjølv om styret har vedteke eit budsjett med underskot for året 2021 vurderer styret MiSF sin økonomiske situasjon som solid og likviditeten som god.

Styret og administrerande direktør meiner føresetnaden for framhald av drifta er tilstades, og legg dette til grunn ved framlegging av årsrekneskapen. Den finansielle risikoen i stiftinga er låg.

Arbeidsmiljø

Hausten 2020 vart det, i samarbeid med bedriftshelsetenesta, utført ei medarbeidarundersøking blant dei tilsette. Formålet var å kartlegge det fysiske og dei psykososiale tilhøve på arbeidsplassen. Styret meiner at resultatet av kartlegginga viste at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande.

MiSF har elektronisk registrering av arbeidstid.

Arbeidsmiljøutvalet har hatt 5 møter.

Sjukefråveret var pr. 31. desember 2020 på 4,87 %. Målet i strategiplanen er på 3 %. Styret vurderer sjukefråværet som noko høgt, men akseptabelt. 2020 har vore eit ekstraordinært år med Covid-19 pandemien, som har hatt negativ verknad på fråværet grunna smittevernomsyn, kortare opningstider i barnehage, og heimeundervisning for skuleborn. Det har ikkje vore registrert personskade i 2020.

Hausten 2020 vart arbeidet med å rette opp i dei byggtekniske utfordringane ved administrasjonsbygget til Sunnfjord Museum i Movika starta opp. Det er forventa at resultatet av dette tiltaket blir betre inneklima og arbeidsforhold, og dermed eit godt fysisk arbeidsmiljø. Ombygginga av administrasjonsbygget er planlagt ferdig våren 2021.

Likestilling og diskriminering

LIKESTILLING

Stiftinga hadde i 2020 til saman 56,5 årsverk. Dette er inklusive vikarar og sommarvertar. Av desse var 44,5 årsverk fast tilsette, fordelt på 25 kvinner og 29 menn. Administrerande direktør er mann og fem av sju avdelingsleiarar per 31.12. 2020 kvinner. Etter ny organisering frå 1. november 2020 er leiargruppa samansett av to menn og to kvinner. I styret er det tre kvinner og fire menn. Styret meiner at stiftinga har eit tilfredstillande fokus på likestilling.

DISKRIMINERING

MiSF skal vere ein motested for alle type menneske, og ein av verdiane som er identifisert i strategiplanen 2019-2021 er «Inkluderande». Denne verdien inneber at vi skal vere eit museum for alle, uavhengig av bakgrunn.

MiSF er positive til å rekruttere og behalde folk med varig eller mellombels redusert funksjonsevne (ref. §3-3 i diskrimineringslova). I stillingsannonsane oppmodar vi kvalifiserte kandidatar til å söke uavhengig av kjønn, kulturell bakgrunn eller funksjonsevne. Styret er ikkje kjent med at det har vore saker i 2020 som gjeld diskriminering.

Aktivitets- og redegjørelsespunkt

Styret er inneforstått med at det frå og med 2020 skal rapportera om likestilling og diskriminering i årsmeldinga, jfr likestellings- og diskrimineringslova § 26. MiSF har ikkje undersøkt risiko for diskriminering eller andre hindre for likestilling i 2020. Det er såleis ikkje identifisert årsaker til potensiell risiko, eller iverksett tiltak for å motverke diskriminering og bidra til økt likestilling og mangfald i verksemda i løpet av 2020. Styret vil streke under omsynet til likestilling og førebygging av diskriminering blir tatt på alvor, og vil peike på at dette vil bli følgjt planmessig og systematisk opp i organisasjonen gjennom ulike tiltak. Det er til dømes planlagt ei kartlegging av lønstillhøve og ufrivilleg deltidsarbeid i samband med innpassering av alle tilsette i den nye organisasjonsstrukturen. Tilhøve knytt til å fremje likestilling og førebygging av diskriminering vil også få fokus når ein ny lønnpolitikk skal utarbeidast og personalhandbok skal reviderast i 2021.

Ytre miljø

Det er ikkje tilhøve ved verksemda som kan medføre negativ påverknad på det ytre miljø.

STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE
Sandane 16.02.2021



Ivar Kvalen
Styrelseiar



Hanne Bergliot Oftedal
Nestleiar




Arild Bergstrøm
Styremedlem



Kristin Maurstad
Styremedlem




Olve Grotle
Styremedlem



Jan-Arve Lund
Styremedlem



Eva Marie Felde
Styremedlem



Kjartan Aa Berge
Adm.direktør

Forsikring styret/dagleg leiar

Det er ikkje teikna forsikring for styrets medlemmar eller administrerende direktør med tanke på deira moglege ansvar overfor stiftinga.

Årsresultat og disponering

Styret meiner at resultatrekneskapen og balansen med notar gjev eit rettviseande bilet av drifta i løpet av året og av stillinga ved årsslutt. Stiftinga hadde i 2020 eit bokført resultat på kr. 3 180 885. Styret sitt framlegg er at overskotet blir overført til annan eigenkapital.

Eigenkapital og gjeld

Ved utgangen av 31. desember 2020 var total eigenkapital på kr 23 506 911. Som følje av at Stiftinga oppfyller ikkje krava i rekneskapslova §1-6 om små føretak er pensjonsforpliktinga balanseført til kr. 13 321 833.

7. Årsrekneskap

Resultatrekneskap

	Note	2020	2019
Salsinntekt	4	3 209 733	4 351 552
Driftstilskot	4	62 212 692	59 162 232
Inntekter prosjekter	4,6	2 042 061	1 417 225
Anna driftsinntekt	4	1 236 263	881 618
Sum driftsinntekter		68 700 749	65 812 626
Varekostnad		(897 448)	(1 097 343)
Udstillingskostnader m.m.		(691 126)	(509 459)
Lønskostnad	1,11	(35 133 118)	(35 249 318)
Avskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eige ...	2	(483 538)	(402 816)
Andre driftskostnader	1,8,12	(28 617 641)	(23 224 283)
Sum driftskostnader		(65 822 872)	(60 483 220)
Driftsresultat		2 877 877	5 329 407
Annan renteinntekt		316 924	527 131
Annan finansinntekt		213	68
Sum finansinntekter		317 137	527 199
Annan rentekostnad		(2 786)	(13 199)
Annan finanskostnad		(11 343)	(5 803)
Sum finanskostnader		(14 129)	(19 002)
Netto finans		303 008	508 196
Årsresultat		3 180 885	5 837 603
Overføringer			
Overføringer til/frå annan eigenkapital		3 180 885	5 837 603
Sum overføringer og disponeringar		3 180 885	5 837 603

Balanse pr. 31. desember

	Note	2020	2019
EIGENDELAR			
Anleggsmidlar			
Varige driftsmidlar			
Fellesmagasin Ramstad	2	11 343 298	11 531 926
Installasjoner NRM	2	122 020	153 016
Inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	2	979 416	544 312
Sum varige driftsmidlar		12 444 734	12 229 254
Finansielle anleggsmidlar			
Investeringar i aksjar og andelar		237 530	186 530
Andre fordringar	7,11	2 149 164	2 181 347
Sum finansielle anleggsmidlar		2 386 694	2 367 877
Sum anleggsmidlar		14 831 428	14 597 131
Omløpsmidlar			
Varer		728 505	776 183
Sum varer		728 505	776 183
Fordringar			
Kundefordringar	10	110 385	375 079
Andre fordringar	10	4 480 359	4 305 955
Sum fordringar		4 590 744	4 681 034
Bankinnskot, kontantar og liknande	5	33 884 682	31 820 586
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		33 884 682	31 820 586
Sum omløpsmidlar		39 203 931	37 277 803
Sum eigendelar		54 035 359	51 874 934

Balanse pr. 31. desember

	Note	2020	2019
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	3	210 000	210 000
Sum innskoten eigenkapital		210 000	210 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	3	23 296 911	20 116 026
Sum opptent eigenkapital		23 296 911	20 116 026
Sum eigenkapital	3	23 506 911	20 326 026
Gjeld			
Asetning for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	11	13 321 833	14 289 277
Sum asetning for forpliktingar		13 321 833	14 289 277
Sum langsigkt gjeld		13 321 833	14 289 277
Kortsigkt gjeld			
Leverandørgjeld		2 407 150	4 108 794
Skyldige offentlege avgifter		1 996 279	2 153 453
Anna kortsigkt gjeld	9	5 572 025	4 594 016
Påløpte prosjekter	6	7 231 159	6 403 368
Sum kortsigkt gjeld		17 206 614	17 259 631
Sum gjeld		30 528 448	31 548 908
Sum eigenkapital og gjeld		54 035 359	51 874 934

STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE
Sandane 16.02.2021

Ivar Kvalen
Styreliar

Hanne Bergliot Oftedal
Nestleiar

Arild Bergstrøm
Styremedlem

Kristin Maurstad
Styremedlem

Olve Grotle
Styremedlem

Jan-Arve Lund
Styremedlem

Eva Marie Felde
Styremedlem

Kjartan Aa Berge
Adm.direktør

Kontantstrømoppstilling

	Note	2020	2019
Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter			
Årsresultat		3 180 885	5 837 603
+ Ordinære avskrivninger		483 538	402 816
+/- Endring i varelager		47 678	(56 815)
+/- Endring i kundefordringer		264 694	42 141
+/- Endring i leverandørgjeld		(1 701 644)	931 724
+/- Forskj. mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbet.		(1 100 928)	(1 978 186)
+/- Endring i andre tidsavgrensningsposter		1 474 224	461 757
= Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		2 648 447	5 641 040
Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter			
- Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler		(699 018)	(279 800)
+ Innbetaling langsiktige fordringer		116 667	116 667
- Utb. ved kjøp av aksjer og andeler i andre fortak		(51 000)	0
- Utbetalinger ved kjøp av andre investeringer		49 000	49 000
= Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		(584 351)	(114 133)
 = Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter		2 064 096	5 526 907
+ Beh. av kont og kontantekvivalenter ved periodens begynnelse		31 820 586	26 293 679
= Beh. av kont og kontantekvivalenter ved periodens slutt		33 884 682	31 820 586

Notar til rekneskapen 2020

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reknesakslova. Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende:

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipp

Inntekt er resultatført når den er opptent. Utgifter er samanstilt og kostnadsført samstundes med dei inntekter som utgiftene kan relaterast til.

Utgifter som ikke kan relaterast direkte til inntekter vert kostnadsførte når dei har oppstått.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av egedeler og gjeld.

Egedeler bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre egedeler er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel.

Ved klassifisering av kortsigkt gjeld er tilsvarende kriterie lagde til grunn.

Anleggsmidlar vert vurderte til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet vert rekna som ikkje forbigeande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid, vert avskrivne planmessig. Omløpsmidlar vurderast til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert balanseført og vert avskrive over driftsmidlane si levetid dersom dei har ei levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Direkte vedlikehald av driftsmidlar vert kostnadsført løpende under driftskostnader, medan påkostningar eller forbedringar vert tillagt driftsmidlets kostpris og vert avskrive i takt med driftsmidlet.

Leide (leasa) driftsmidlar vert balanseført som driftsmidlar dersom leigekontrakta er finansiell.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderinger av dei enkelte fordringane

Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av anskaffelseskost etter FIFO prinsippet og virkeleg verdi. Det foretas nedskrivning for pårekneleg ukurans.

Pensjoner

Stiftinga har ei ytelsesbasert pensjonsordning. Ytelsesplan betyr at pensjonsordninga definerer ein pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Ytelsesplanen er avhengig av fleire faktorer som alder, tal år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er nåverdien av dei definerte ytelsane på balansedatoen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlene, justert for ikkje resultatførte estimatavvik og ikkje resultatførte kostnader knytt til tidligare perioder sin pensjonsoptjening.

Pensjonsforpliktinga vert berekna årleg av en uavhengig aktuar ved bruk av en lineær oppteningsmetode.

Noverdien av dei definerte ytelsane vert bestemt ved å diskontere estimerte framtidige utbetalingar med ein langsigkt risikofri rente med tillegg av eit risikopåslag. Estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige føresetnadene utover det største av 10% av verdien av pensjonsmidlane og 10% av pensjonsforpliktingane, blir ført i resultatrekneskapet over en periode som tilsvarer arbeidstakarane si forventa gjennomsnittlege resterande tid til pensjonering.

Endringar i pensjonsplanen sine ytelsar vert kostnadsført eller inntektsført løpende i resultatrekneskapen, med mindre rettigheitene etter den nye pensjonsplanen er betinga av at arbeidstakaren vert verande i teneste i ein spesifisert tidsperiode. I dette tilfellet resultatførast effekten av endringa lineært over oppteningsperioden.

Noverdien av pensjonforpliktingane er avhengig av fleire faktorar (herunder diskonteringsrenten) som må fastsettast ved bruk av en rekke antagelsar. Ei kvar endring i desse føresetnadene påverkar pensjonsforpliktingane. Andre grunnleggande føresetnadene for pensjonsforpliktelsane er delvis basert på faktiske marknadsforhold.

Tilleggsinformasjon vert vist i note.

Konsolidering

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009, og er ei samanslutning av følgjande avdelingar: De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Sunnfjord Museum

Nordfjord Folkemuseum

Norsk Kvernsteinsenter

Norsk Reiselivsmuseum

Notar til rekneskapen 2019

Note 1 Tilsette, godtgjersle, mv.

	2020	2019
Lønskostnad		
Løn	28 544 941	28 283 272
Arbeidsgjeveravgift	3 305 356	3 692 849
Pensjon	2 491 771	2 513 279
Andre personalkostnader	791 051	759 917
Sum	35 133 119	35 249 317
Antall årsverk faste	45	48
Antall årsverk andre	12	12
Sum årsverk	57	60
Ytingar til leiande peronar		
Dagleg leiari		
Løn dagleg leiari frå 01.01 - 31.12	960 510	230 590
Andre ytingar	7 125	
Sum	967 635	230 590
Revisor		
2020		2019
Honorar revisjon	135 000	148 550
Andre revisjonsrelaterte tenester	4 678	4 800

Note 2 Anleggsmidlar

	Tomt Ramstad	Fellesmagasin Ramstad	Installasjoner NRM	Uteområde avd. 4	Inventar utstyr	Bilar	Sum
Anskaffelseskost 1.1.	2 665 000	9 431 190	308 000	79 337	3 432 378	279 800	16 195 705
Avgang i året					699 018		0
Tilgang i året					699 018		699 018
Anskaffelseskost 31.12.	2 665 000	9 431 190	308 000	79 337	4 131 396	279 800	16 894 723
Samla ordinære avskrivningar	0	752 892	185 980	79 337	3 291 884	139 896	4 449 989
Bokført verdi 31.12	2 665 000	8 678 298	122 020	0	839 512	139 904	12 444 734
Årets ordinære avskrivningar	0	188 628	30 996		193 966	69 948	483 538
Levetid		50 år	10	5 år	5/10 år	4 år	
Avskrivningsmetode		Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Overtaking av kunstsamling frå Stiftinga Kunstmuseet i Sogn og Fjordane

Stiftinga eig ei mindre kunstsamling som ikkje er balanseført.

Eigarskapen vart overført i samband med sammenslåinga av Stiftinga Kunstmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2017. Overdragninga var vederlagsfri.

Overtaking av samlingar frå Nordfjord Sogelag

Pr. 1. september 2018 overlot Nordfjord Sogelag eigarskapen til bygningar og gjenstander ved Nordfjord Folkemuseum til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Overdragninga var vederlagsfri. Egedelane er ikkje balanseført i rekneskapen.

Overtakinga omfatta desse bygg og gjenstander:

- Holvikejekta
- Administrasjons- og utstillingsbygg
- Lagerbygg
- Friluftsmuseet med 44 antikvariske bygninger og ein kopi (Jølet)
- 2 bygninger utenfor Jølet
- Ca 23.000 gjenstander

Note 3 Spesifikasjon eigenkapital**Stiftarar**

	Sum
Innbetalt stiftingskapital	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	50 000
Nordfjord Folkemuseum	10 000
Sunnfjord Museum	10 000
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	10 000
Kystmuseet i Sogn og Fjordane	10 000
De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum	10 000
Sum opprinnelige stiftarar	100 000
Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum (Sammanslåing 2017)	110 000
Sum innskoten eigenkapital	210 000

Spesifikasjon eigenkapital

	Grunn kapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1.	210 000	20 116 026	20 326 026
Årets resultat		3 180 885	3 180 885
Eigenkapital 31.12.	210 000	23 296 911	23 506 911

Note 4 Driftsinntekter

	2020	2019
Omsetning varer	3 209 733	4 351 551
Statstilskot	39 268 328	36 444 000
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	15 681 750	15 450 000
Tilskot frå kommunar	235 114	7 128 634
Gåveforsterkning KUD	27 500	139 598
Inntekter prosjekt	2 042 061	1 417 225
Andre driftsinntekter	1 236 263	881 618
Sum driftsinntekter	68 700 749	65 812 626

Note 5 Bundne bankinnskot

Av inneståande i bank er kr 1.020.519,- bundne skattetrekksmidlar.

Note 6 Prosjekt i arbeid

Stiftinga mottak årleg tilskot. Midlar gjevne til bestemte prosjekt blir avsett i rekneskapen og resultatføres når dei vert brukt. Eventuelle overskot/underskot på prosjekta vert belasta drifta og blir ikkje vist i noten.

	Prosjekt nr	Avdeling	Saldo 01.01.	Mottatt	Bruk	Saldo 31.12.
Båtmagasin felles	1315	1	2 359 688			2 359 688
Holvikjektas verneverdi	2019	2	11 935		11 935	0
Nordfjordbåt	2020	2	386 842			386 842
Vamråk	3021	3	40 077		40 077	0
Lisetbua	3022	3	17 723		17 723	0
Holvik skule	3043	3	20 000		20 000	0
Høgskulelauget	3046	3	100 657		100 657	0
Kystokologisk avd.	3048	3	21 982		21 982	0
Veg Brendøya	3300	3	0			0
NVE midlar	3450	3	10 000		10 000	0
Vågsberget hovedhus	3465	3	43 006		43 006	0
Haugefisk 2016	3468	3	0			0
Haugefisk 2017	3469	3	0			0
Haugefisk 2018	3470	3	0			0
Haugefisk 2019	3471	3	537 678	220 000	120 000	637 678
Mostien	4057	4	68 102			68 102
Elvhaug	5917	5	240 937	24 732	21 891	243 778
Video båtbygging	5920	5	46 925			46 925
Fjordmuseum	5927	5	75 625			75 625
Kulturlandskap museum	5928	5	108 999			108 999
Slusken fortel	5937	5	174 240			174 240
Minner.no	5944	5	50 000			50 000
Sikringsmidlar 2019	5945	5	25 000		25 000	0
HårF - Kvammeloftet	5946	5	25 313		2 056	23 257
Pilotprosjekt Kunst	6064	6	226 758	250 000	107 142	369 616
Innkjøp kunst - ekstra tilskot	6065	6		2 000 000	107 100	1 892 900
Utviklingsmidlar NKS	7017	7	885 773		537 369	348 404
Kalkbrenning NSF	7019	7	325 002	230 000	516 815	38 188
Forprosjekt Geopark	7024	7	0		4 689	-4 689
BARK	7025	7	200 000	400 000	600 000	0
NRM uførutsette kostnader	5943	8	401 106	10 500		411 606
Sum prosjektmidlar			6 403 368	3 135 232	2 307 441	7 231 159

Konto 3450 viser 2.042.061 i rekneskapet. Differansen på 265.380 er gamle prosjekta på KSF som er brukt opp i 2020. Kostnadane er før hovedsaklig mot 66xx kontoar, og ført direkte mot konto 2989, og ikkje via konto 3450.

Note 7 Lån til Kvikne's Hotel AS

Stiftinga har ytt lån til Kvikne's Hotel AS den 14.2.2008 på kr 1.750.000

Lånet skal nedbetala over 15 år og med en rentesats på 3% p.a.

Det er ikkje stilt sikkerheit for lånet.

Restsaldo pr 31.12.2020 er kr 233.329,-.

Note 8 Andre driftskostnader

	2020	2019
Fraktkostnader	36 437	23 019
Kostnader lokale	10 333 155	9 924 035
Leie av driftsmidler	832 230	623 462
Inventar, utstyr etc.	3 948 404	3 234 977
Rep./vedl.hold	5 430 994	2 401 888
Revisjon, regnskap, konsulent	4 825 595	2 994 504
Kontorkostnader/telefon/porto	836 473	937 112
Bilkostnader	49 731	51 322
Reisekostnader	581 316	1 298 868
Marknadsføringskostnader	729 430	765 073
Forsikringskostnader	741 928	604 127
Andre driftskostnader	271 948	365 897
Sum kostnader	28 617 641	23 224 283

Note 9 Anna kortsiktig gjeld

	2020	2019
Forsokt fra kunder	0	0
Skuldig andre trekk	-3 920	-3 920
Påløpne feriepengar	3 024 860	3 025 949
Andre påløpte kostnader	1 574 517	843 093
Skyldig BHK avgift	0	-3 166
Skyldig kunst i kommisjon	11 840	74 675
Gåvekort/kasse	34 244	15 370
Anna kortsiktig gjeld	655 484	642 015
Skyldig lønn	275 000	0
Sum anna kortsiktig gjeld	5 572 025	4 594 016

Note 10 Kundefordringar/Andre fordringer

Selskapet sine kundefordringar er vurdert til pålydende, redusert med avsetning for tap på krav med kr 150.000. Tilsvaranda avsetning i fjor var kr 150.000. Av kundefordringane er det ingen som forfall seinare enn ett år.

Andre fordringar

	2020	2019
Tilskot uteståande kommunar	0	0
Tilskot frå Stiftelsen Uni	960 000	960 000
Tilskot Fylkesmannen/Landsbruksdirektoratet	33 175	33 175
Naturskadeerstatning Landbruksdirektoratet	15 400	15 400
Tilskot Forbundet Kysten/Sparebankstiftelsen - DNB	320 000	320 000
Tilskot Sogn og Fjordane Fylkeskommune	0	0
Tilskot KUD 2019 Pilotprosjekt Kunst	25 375	84 375
Tilskot Norsk Folkemuseum	0	0
Forsokt leverandørar	1 149 824	1 137 684
Tilgode merverdiavgift	1 976 585	1 755 321
Forskotsbetalte kostnader	4 480 359	4 305 955

Av desse fordringane er kr 1.328.575 over 1 år.

Note 11 Pensjonsforsikringer

Stiftinga har pensjonsordningar som omfatter i alt 58 personer. Pensjonsordningen er organisert gjennom ein kollektiv pensjonsforsikring i KLP. Ordninga gjev rett til ein definert fremtidig yting. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, løsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytinga frå folketrygden. Forpliktingane er dekt gjennom eit forsikringsselskap. Arbeidgivaravgifta er i hovudsak berekna med 10,6 % for stiftinga på innbetalt pensjonspremie, sidan arbeidsstader ligg i arbeidsgjieversoner med redusert sats og fribeløp. I aktuarberekinga frå KLP for 2019 er det brukt ein sats for arbeidsgjieveravgift på 14,1%, men AGA satsen er endra til 11,14% i NRS-berekinga for 2020, som er gjennomsnittleg sats for AGA i MiSF.

	2020	2019
Tal personer som er med i ordninga	58	58
Årets premie til pensjonsordninga	4 015 290	4 915 812
Årets arbeidsgiveravgift på premie til pensjonsordninga	378 837	502 241
Pensjonstrekk tilsette	-556 076	-570 058
Endring i pensjonsforpliktsar	-967 444	-1 832 475
Sum pensjonskostnad	2 870 607	3 015 520

Vidare har stiftinga gjennom ordningen i KLP opparbeidd eit premiefond:

Saldo 01.01	3 437 071	2 811 465
Avrekna/innbetalt i året	529 654	240 286
Avkastning i året	495 133	385 320
Bruk av fondet gjennom året		
Premiefond - Saldo 31.12	4 461 858	3 437 071

Egenkapitaltilskot:

Andel av oppsamla EKT pr 31.12. flg. oppgåve frå KLP	1 688 434	1 542 723
Innbetal i året i flg. oppgåve frå KLP	133 484	145 711
EKT bokført 31.12	1 821 918	1 688 434
Årets endring i EKT i året	133 484	145 711

Pensjonskostnadar inkl. aga (frå aktuarbereking)

	2020	2019
Noverdi av årets opptering	4 401 628	4 526 779
Rentekostnad	1 671 841	1 920 639
Brutto pensjonskostnad	6 073 469	6 447 418
Forventa avkastning	-2 383 406	-2 508 487
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	186 499	188 312
Netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	3 876 562	4 127 243
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	402 279	581 941
Resultatført aktuarielt tap (gevinst)		
Resultatført planendring	0	-798 646
Resultatført andel aktuarielt tap (gevinst) v/avk.		
Resultatført andel av nettoforpliktelse v/avk.		
Ekstraordinære kostnader		
Resultatført pensjonskostnad		
Herav resultatført aga av aktuarielt tap (gevinst)	4 278 841	3 910 538

PENSJONSFORPLIKTING (BESTE ESTIMAT)

Brutto påløpt pensjonsforplikting	79 733 538	69 831 610
Pensjonsmidlar	68 230 593	62 152 198
Netto forplikting før arb.avgift	11 502 945	7 679 412
Arbeidsgjeveravgift	1 281 428	1 082 797
Netto forplikting inkl. aga	12 784 373	8 762 209
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst(tap) ekskl.agा	483 589	4 844 056
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) aga	53 872	683 012
Ikkje resultatført planendringer		
Balanseført ntn forpliktelse/(midlar) etter aga	13 321 834	14 289 277
Herav balanseført aga	1 335 300	1 765 809

Årets endring er ført mot resultatrekneskapen under lønskostnader.

-967 444 -1 832 475

Økonomiske forutsetninger

	31.12.2020	31.12.2019
Forutsetninger		
Diskonteringsrente	1,70 %	2,30 %
Lønsvekst	2,25 %	2,25 %
G-regulering	2,00 %	2,00 %
Pensjonsregulering	1,24 %	1,24 %
Forventa avkastning	3,10 %	3,80 %
Agasats	11,14 %	14,10 %
Amortiseringstid	15	
Korridorstørrelse	10,00 %	10,00 %

Note 12 Leigeavtaler

Stiftinga har følgjande leigeavtalar:	Utleigar	Leigeperiode fra	til	årleg leige
Leige lokale:				
Norsk Reiselivsmuseum	Statsbygg	01.04.2015	31.03.2043	3 993 868
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	S og Fj.fylkeskommune	01.01.2013	31.12.2032	2 654 628
Kaileige i Bremanger (Haugefisk)	Havstjerna Eigedom AS			14 000
Anders Svor museum	Hornindal kommune			0
Løa	Krokane Gard			60 000
Andre tilfeldige leiekostnader				124 261
Sum				6 846 757
Kostnadsdeling lokale:				
Sogn Kunstcenter	Lærdal kommune		31.03.2021	95 866
Leasing transportmidlar/utstyr:				
Traktorer leasingleige	SG Finans	01.01.2020	31.12.2020	99 508
Bil leasingleige	DNB	01.01.2020	31.12.2020	91 704
Leige programvare IT		01.01.2020	31.12.2020	396 450
Andre tilfeldige leiekostnader		01.01.2020	31.12.2020	244 568
Sum				832 230

Leigeavtalane med Lærdal og Jølster er løpende med 22 mnd. gjensidig oppseing. Avtalen med Lærdal Kommue er sagt opp pr. 28.05.2019.

Driftsavtalen for Anders Svor Museum med Hornindal Kommune opphørte fra 01.01.2020 i samband med overgang til nye Volda Kommune.



Nytt tak på kjøkkenstova - Astrupunet. ©MISF

8. Revisjonsmelding

Deloitte.

side 2
Melding frå uavhengig revisor – 2020
- Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Til styret i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 3 180 885. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoene og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er den vedlagde årsrekneskapen avgjort i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av stiftelsen sin finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoene i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Anna informasjon

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av årsmeldinga, men omfattar ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje anna informasjon, og vi atesterer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese anna informasjon med det formål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande innehold vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at anna informasjon innehold vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at den gir eit rettvisande bilet i samsvar med regnskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje innehold vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftelsen si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje innehold vesentlig feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som innehold vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som om del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoene for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og føremålsteneleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoene for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkta, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilskikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjoner eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenelege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei mening om effektiviteten av stiftelsen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er føremålstenelege og om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga sin bruk av framhald av drift-føresetnaden i årsrekneskapen er føremålsteneleg, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om stiftelsen si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjøre merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoene for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftelsen ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen gjev uttrykk for dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilet.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekkta gjennom revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Fråsegn om andre lovmessige krav**Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og forslaget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000


Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftelsen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om forvalting

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon, meiner vi stiftelsen er forvalta i samsvar med lov, stiftelsen sitt føremål og vedtektenes elles.

Førde, 16. februar 2021
Deloitte AS



Hans Jørgen Kirkeeide
Statsautorisert revisor



100 år: Nordfjord Folkemuseum fylde 100 år i 2020, og markerte dette mellom anna med nye portar ved inngangen. @MiSF

STIFTINGA
**MUSEA I SGN OG
FJORDANE**

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
Org. nr. 994179136
Adresse: Gota 16, 6823 Sandane
E-post: post@misf.museum.no
www.misf.no
www.facebook.com/museaisognogfjordane